


2
0
1
5

Årsmelding



Lom



Gjestfritt og nyskapande

Årsmelding 2015

Lom er av dei tørraste
stadene i Noreg, og det er
slik at vatnet har vore med og
skapt kulturlandskapet. Dei
eineståande vassvegane har
ført vatnet ned frå fjellet til
gardane nede i dalen. Dette
har gjort det mogleg å drive
landbruk og kunne eksistere
her.

I Lom er det slik som det
gamle ordtaket seier:
**“Gjev Vårherre sol, ska oss
sjølve skaffe væte.”**

Når ein skal finne motiv
for å synleggjere noko
typisk og ekte for Lomsbygda,
må dette ha sitt utspring
i vatnet. Vatnet som er så
grunnleggjande for alt som er
skapt i Lom.

**“*Gjev Vårherre sol, ska
oss sjølve skaffe væte.***



| | |
|---|-----------|
| 6. Vedlegg: Notar og revisjonsmelding | 52 |
| Note 1 Prinsipp for rekneskapen | 52 |
| Note 2 Endring i arbeidskapital | 53 |
| Note 3 Pensjon | 53 |
| Note 4 Kommunen sitt garantisvar | 55 |
| Note 5 Aksjar og andelar i varig eige | 55 |
| Note 6 Avsetting og bruk av fond | 55 |
| Note 7 Kapitalkonto | 57 |
| Note 8 Interkommunalt samarbeid | 58 |
| Note 9 Spesifikasjon av vesentlege postar | 58 |
| Note 10 Spesifikasjon av vesentlege transaksjonar | 59 |
| Note 11 Anleggsmidlar | 59 |
| Note 12 Finansiering av prosjekt | 60 |
| Note 13 Lånegjeld | 64 |
| Note 14 Langsiktig gjeld | 65 |
| Note 15 Meir- eller mindreforbruk | 65 |
| Note 16 Spesifikasjon av vesentlege forpliktingar | 66 |

| | |
|--|----|
| Note 17 Tilhøve ved slutten av året | 66 |
| Note 18 Konto for skattetrekk | 66 |
| Note 19 Kyrkjeleg råd - økonomiske tilhøve | 66 |
| Note 20 Årverk, løn og godtgjersle | 66 |
| Note 21 Tap og tapsavsettingar | 67 |
| Note 22 Netto driftsresultat | 67 |
| Note 23 Langsiktig gjeld | 67 |
| Note 24 Avviksforklaring | 68 |
| Note 25 Sjølvkostområdet | 69 |
| Note 26 Disposisjonsfondet | 70 |
| Note 27 Kraftfondet | 70 |
| Note 28 Heimfallsfondet | 72 |
| Note 29 Kapitalfondet | 72 |
| Note 30 Avskrivningsskjema | 72 |
| Note 31 Mindre/meir forbruk - investering | 76 |
| Note 32 Oversikt over skatteinngangen | 76 |
| Revisjonsmelding | 77 |

| | |
|---|----------|
| 1. Innleiing | 4 |
| Nokre fakta om Lom | 4 |
| Vision og verdigrunnlag | 4 |
| Ordføraren sine kommentarar | 5 |
| Status og vurdering frå administrasjonssjef | 6 |
| Utvikling i folketalet | 7 |

| | |
|----------------------------|----------|
| 2. Styringssystem | 8 |
| Mål og resultatstyring | 8 |
| Internkontrollen | 8 |
| Årshjulet | 9 |
| Politisk organisering | 9 |
| Administrativ organisering | 9 |

| | |
|----------------------------|-----------|
| 3. Perspektiv | 10 |
| Kommunen som samfunnsaktør | 10 |
| Kommunen som arbeidsgjever | 15 |

| | |
|-----------------------------|-----------|
| 4. Økonomisk oversyn | 18 |
| Statlege rammer | 18 |
| Driftsrekneskap | 19 |
| Investeringsrekneskap | 25 |
| Balanse | 26 |
| Finansrapport | 28 |

| | |
|--------------------------------------|-----------|
| 5. Oversikt frå tenesteområda | 31 |
| Støttefunksjonen | 31 |
| Skule | 33 |
| Barnehage | 39 |
| Miljø, teknisk, næring | 41 |
| Helse og velferd | 44 |
| Pleie og omsorg | 47 |

Fakta om Lom

Midt i Ottadalen ligg fjellbygda Lom. Dei høgaste fjelltoppane i Noreg finn du her, og meir enn halvparten av Jotunheimen nasjonalpark ligg i Lom.

Tettstad med sær preg

Kommunesenteret og nasjonalparklandsbyen Fossbergom er eit moderne bygdesenter der dei fleste har sitt arbeid i reiseliv, handel og tenesteyting. Kultur og miljø vert teke vare på, og ein set si ære

i å kunne tilby tradisjonsrike produkt. Fossbergom står fram som ein tettstad med sær preg, og politikarane i Lom har heile tida lagt stor vekt på byggeskikk og lokale tradisjonar. Lom Stavkyrkje frå ellevehundretallet er ei av dei vakraste stavkyrkjene i landet. Mangeturistar er innom i løpet av året, og samstundes er kyrkja i bruk som hovudkyrkje.

Næring

Jord- og skogbruk er største enkeltnæringa i Lom. Hove til hausting av utmarksressursar ved beiting og setring er avgjerande for dei jamnt over små gardane. Lom har eit areal på 1.969 km² - og til 2 347 innbyggjarar (pr. 31.12.2015) er det god plass! Meir enn 90% av arealet er høgfjell over 900 m.o.h., 1% er dyrka jord og 4% er produktiv skog.



Smaksskulen i aksjon!



Ungdomsklubben i klatreparken



Bondebrudlaupet 2015

Visjon og verdigrunnlag

Visjon: Lom – gjestfritt og nyskapande

Gjestfridomen skal omfatte alle:

- Dei som allereie er fast busette
- Dei som ønskjer å busetja seg i Lom
 - Tilreisande, turistar

Slagordet "Kom til Lom" er med og synleggjer visjonen.

Verdigrunnlag

Lom skal vera eit lokalsamfunn basert på desse grunnverdiane:

- Gjestfri
- Open
- Inkluderande
- Respektfull
- Nyskapande
- Trivel
- Lokal kultur og historie
- Natur

I den kommunale verksemda skal alle tilsette leggje vekt på å vera:

- Offensive
- Løysingsorienterte
- Inkluderande

Ordføraren kommenterer

Eit aktivt og krevjande år

Nok eit aktivt år for Lom kommune er lagt bak oss og årsmelding og rekneskap oppsummerer på mange måtar kommunen sin stilling og drift. Lom kommune i likskap med mange andre kommunar får merke at det stadig vert trøngare økonomiske rammer. Staten pålegg kommunane stadig fleire krevjande oppgåver som skal løysast, utan at dei økonomiske ramane fylgjer med. Dette gjer det ekstra utfordrande både å vere politikar som ynskjer å imøtekoma innbyggjarane sine forventningar til mangt og mykje og for leiarar og tilsette i kommunen som stadig får merke at budsjetta deira vert utfordra i negativ retning, samstundes som det er krav til å yte meir.

Innovasjon og nytenking

For å løye kommunen sine stadig meir komplekse oppgåver må vi tvinge oss sjølv til å tenkje nytt og handle smartare. Kanskje finn vi nye og innovative måtar å løye oppgåvene på som gjer at vi frigjer tid og ressursar til nye oppgåver. Fylkesmannen i Oppland tok initiativet til å kjøpe ei klasse for Opplandskommunane på innovasjon studiet på Høgskulen i Lillehammer, og Lom kommune deltok der med 4 elevar. Den lærdommen og erfaringa vi fekk gjennom dette studiet og ved erfaringsutveksling med andre kommunar gjer at vi er betre rusta til å gje plass for innovative prosessar i organisasjonen. Politikarane, administrasjon og leiarane må gje nødvendig rom for prøving

og feiling slik at ein kan utvikle ein innovasjonskultur. Berre på den måten kan ein få prøvd ut nye innovative arbeidsmetodar som kan gje gevinst.

Kommunereform

Lom og Skjåk kommunar er i skrivande stund i sluttfasa på ein prosess som skal danne grunnlaget for å avgjere



Bjørne Eiolf Hølø - Ordførar

Kommuneval

I september var det kommuneval og eit nytt kommunestyre vart konstituert den 14. oktober. Kommunestyret fekk ei god samansetting av kvinner og menn, samt god spreiing i alder. Det nye kommunestyret er godt i gang og fekk i løpet av hausten gjennomført 2 av 4 dagar med folkevaldopplæring.

Eit viktig styringsreiskap

Årsmelding og rekneskap slik det er presentert i dette dokumentet, inneholder mykje viktig informasjon både for dei tilsette, politikarane og innbyggjarane i kommunen.

Eg vil og i år oppmøde politikarar til å setja seg godt inn i årsmeldinga og nytte denne i det politiske arbeidet framover. Ved å nytte årsmeldinga som eit arbeidsdokument der du markerar, skriv og kommenterer, har du eit godt verktøy når du skal gå i gang med prioriteringar og endringsprosessar.

Det kan og vere lurt å sjå kva nabokommunane skriv i sine årsmeldingar.

Takk for samarbeidet i 2015.

Takk til alle tilsette og politikarar som saman bidreg til at Lom kommune klarer å levere gode og trygge tenester.

Takk også til dei friviljuge laga og organisasjonane, næringslivet og innbyggjarane som aktivt er med og skapar eit attraktivt og omsorgsfullt lokalsamfunn.

Status og vurdering frå administrasjonssjef

For andre år på rad er utgiftene til tenester til innbyggjarar og andre er høgare enn inntektene våre. Det er fleire årsaker til dette, noko som er nærmere omtala i årsmeldinga.

Det grunnleggjande er likevel at tenesteomfanget er tilrettelagt på eit nivå som er for høgt i høve inntektene, og at strukturelle grep må gjerast for å etablere ein underliggjande og forutsigbar økonomisk driftssituasjon. Det er gjort nødvendige tiltak i årsbudsjett for 2016, noko som må følgjast nøye. Administrasjonssjefen meiner at kommunen i vesentleg grad har utnytta inntektpotensialet fullt ut, og at politiske avklaringar på evt. inntektsområde som t.d. utvida område for utskriving av eigedomsskatt, er gjort. Fokus må da vera på løpende driftskostnader. Over 65% av driftsutgiftene våre er knytt til tilsette. Fornuftig organisering og kontinuerleg jakt på effektivisering og innsparing, m.a. ved å prioritere bort oppgåver og endring av prosessar ved bruk av teknologi og digitale hjelpemiddel er døme på grunnleggjande fokus i organisasjonen. Endring av drift og tenester vil bli merka blant dei som tek i mot tenester. Målet er at dette skal skje på ein omforeint og brukarretta måte. Omstilling og effektivisering forutset vidare at folkevalde og tilsette

Vi er avhengige av at lokalsamfunnet er ope og gjev av seg sjølv.

medverkar positivt og er engasjerte i høve omstillingars arbeidet. I løpet av 2015 gjorde kommunestyret vedtak om økonomisk handlingsregel noko administrasjonssjefen varsla i førre årsmelding. Den økonomiske handlingsregelen må etterlevast.

Utvikling i folketal og integrering

Innbyggjartalet i Lom har vorte redusert med 5 % i løpet av dei ti siste åra. I 2015 gjorde kommunestyret vedtak om å ta i mot og busetja flyktningar. Dette representerer utfordringar og moglegeheiter for kommunen. For å lukkast med dette og å få til ei god integrering er vi avhengige av at lokalsamfunnet er ope og gjev av seg sjølv. Dersom Lom kommune hadde hatt like stor del av våre innbyggjarar frå innvandring som landet totalt sett ville vi hatt over 200 fleire innbyggjarar i kommunen.



Ola Helstad - administrasjonssjef

Lom som reiselivsdestinasjon og arrangementssstad

Lom har eit godt innarbeidd reiselivsprodukt med gode vertsskap og god tilrettelegging for gjestar. Trafikkutviklinga i 2015 har vore positiv.

Utfordringa har vore å

fylle kapasiteten best mogleg særleg i skuldersesongane. Utgard er tenkt å vera ein faktor for å møte denne utfordringa. Etter drift i to år sit kommunen att med nyttige erfaringar som kan nyttast til vidareutvikling i høvedenne målsetninga.

Landsfestivalen i gammaldans vart gjennomført i 2015 og må på alle måtar seiast å vera ein suksess. Drivande dyktig arrangørstab og samarbeidspartar gjorde at arrangementet var vellukka. Utgard og tilhøyrande fasilitetar kan trygt anbefalast til såpass store arrangement i åra som kjem.

Informasjons- og omdømmearbeid

Det er ei rivande utvikling innan informasjons- og kommunikasjonsarbeid med nye brukargrupper og nye kanalar som kommunen må ta inn over seg. Vi ser mellom anna store fordelar med å vera

ein aktiv kommune på sosiale medier, då spesielt Facebook. På Facebook kan kommunen nå ut til eit stort nedslagsfelt, om det er stillingsannonser, informasjon til innbyggjarane våre eller bilde og informasjon i eit omdømmeperspektiv: Vi når ut til mange! Som eit døme på dette, kan eg ta fram ein video kommunen la ut i samband med 7. klasse ved Loar skule sin tur til Galdhøpiggen i mai: Denne filmen nådde ut til 21 224 personar på facebook, omtrent ti-gangen av folketalet vårt!

2015 var året der Lom kommune tok sats og vart med på sosiale media, mykje tydar på at det var eit rett val. Filmen eg syner til, er tilgjengeleg på Facebooksida til kommunen - sjå gjerne på den ein gong til.

Tilsette


Det siste driftsåret har det vore stor fokus på ressursinnsats og omstilling. Effektivisering og rasjonalisering har vore daglegtale for mange. Sjølv med denne forståinga har kommunen levert gode tenester ikkje minst takka vera motiverte og pliktoppfyllande tilsette. Det er positivt å merke seg at sjukefråveret har gått ned i 2015.

Eg nyttar høvet til å takke tilsette og folkevalde for samarbeidet i året!


Ola Helstad

Utvikling i folketalet

Folketal i Lom 1990 - 2015



Lom i framtida



Mål og resultatstyring

Lom kommune har omfattande delegering av mynde. Vi lever i eit samfunn med raske endringar, og gjennom denne delegeringa blir det ein fleksibel organisasjon og avgjerder blir tekne der kompetanse ligg. Gjennom dette oppnår ein meir attraktive arbeidsplassar, ved at den enkelte får nytt sin kompetanse.

Det totale målekartet

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Lom kommune | | | |
|----------------------|---|------------------------------|---------------|---------------|---------------|----------|
| | | | Resultat 2013 | Resultat 2014 | Resultat 2015 | Mål 2015 |
| Økonomi | Økonomi- styring og drift | Brutto driftsresultat | 1,6% | -5,8% | -7,8% | -3,7% |
| | | Netto driftsresultat | 6,3% | -1,0% | -2,5% | - |
| | | Justert netto driftsresultat | - | -1,3% | -0,3% | - |
| Finansiell | Eigekapitalprosent | 31,5% | 42,0% | 29,3% | 30% | |
| | Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter | 199% | 233% | 233% | 345% | |
| Likviditets- styring | Lividitetsgrad 1 | 2,4 | 3,6 | 3,2 | 3,4 | |
| | Arbeidskapital i % av driftsinntekter | 31,8 % | 41,3% | 33,5% | 32% | |
| Målt kvalitet | Sjukefråvær korttid | 2,8 % | 4,8% | 4,8% | 2,0% | |
| | Sjukefråvær langtid | 3,5 % | 4,1% | 4,1% | 3,0% | |

Internkontrollen

Arbeidsmiljølova legg føringar for helse, miljø og tryggleiksarbeidet ved at den i § 3-1, p. 1seier: «For å sikre at arbeidstakers helse, miljø, og sikkerhet blir i varetatt, skal arbeidsgiver sørge for at det utføres systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid på alle plan i virksomheten. Dette skal gjøres i samarbeid med arbeidstakerne og deres tillitsvalgte».

Aml. § 4 utløyser plikt til internkontroll: «den som er ansvarleg for virksomheten skal sørge for at det innføres og utøves internkontroll i virksomheten og at dette gjøres i samarbeid med arbeidstakerne og deres representanter. Arbeidstakerne skal medvirke ved innføring og utøvelse av internkontroll.»

Skriftleg dokumentasjon på internkontrollen skal minst omfatte § 5 punkt 4 – 8 i internkontrollforskrifta.

Internkontrollen er heimla i Kommuneloven. Administrasjonssjefen skal syte for at kommunen blir drive i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og at

For styring og koordinering er det i fleire år blitt nyttा balansert målstyring. Det blir vedteke mål for kvart tenesteområde som ein del av kommunen sitt budsjettvedtak. Økonomisk er det rapportert til kommunestyret kvart tertial, der årsrapporten fungerer som rapport for 3. tertial. Det er systematiske målingar av brukar og medarbeidarperspektivet gjennom spørjeundersøkingar, der tenestekvalitet og medarbeidartilfredshet blir målt. Dette i bruk ny medarbeidarundersøking, slik at resultat frå denne kjem ikkje med i årsmeldinga for 2015. Kommunen nyttar elles Kommunebarometeret i styring av verksemda.


Årshjulet

Desember
Vedtak i kommunestyret
budsjett og økonomiplan

Oktober:
EIGARKAPSMELDING

sept: DIALOGMØTE
Miljø, teknisk, næring

September
Budsjettforslag frå tenesteområda



Februar (15/2)
Rapportering til KOSTRA (1. gong)

Februar (15/2)
Avslutta årsrekneskap til
revisjonen

feb.: DIALOGMØTE
Barnehage, skule, kultur

Mars (15.03)
Ferdig årsmelding

April
Rekneskap og årsmelding
til politisk behandling

April
Gjennomførte vernerunder og
medarbeidarsamtaler

April: DIALOGMØTE
Helse og omsorg

Politisk organisering

Kommunestyret 2015 - 2019



Bjarne Eiolf Holø
Svanhild Lyngved
Silje Stee Vole
Arnstein Rusten
Rolv Enersvold
Randi Therese Garmo
Odd Arne Kroken
Marit Sletten



Anne-Lise Marstein
Harald Onsum-Berg
Kari Ramen
Norvald Hellekveen



Jarmund Øyen
Kristian Frisvold
Dagfinn Kvålshagen



Eilev Hellekveen
Synne Skogsrød Bjørgen

Formannskapet

Bjarne Eiolf Holø (ordførar) Anne Lise Marstein (varaordførar), Marit Sletten, Eilev Hellekveen, Kristian Frisvold.

Andre politiske råd og utval

Administrasjonsutval
Brukarråd
Eldrerådet
Kommunalt råd for funksjonshemma

Landsbyrådet
Overtakstnemnd
Takstutval
Ungdomsrådet

Vilt og innlandsfiskenemnd
Valnemnd
Valstyret
Kontrollutvalet

Administrativ organisering

Lom kommune er organisert i ein to-nivå-modell med Ola Helstad som administrativ leiar. Administrasjonen er inndelt i desse tenesteområda med kvar sin leiar:

- Støttefunksjonen, leiar Egil Haug
- Loar skule, rektor Anita Hølmo Nestvold
- Lom ungdomsskule, rektor Tore Mundal
- Loar barnehage, leiar Ragnhild Vestad
- Miljø, teknisk, næring, Ola Helstad konst. leiar
- Helse og velferd, kommunalsjef Bjørn Bakke
- Pleie og omsorg, pleie- og omsorgssjef Oda Evy Øyen

3. Perspektiv

Kommunen som samfunnsaktør

Næringsutvikling

Lom kommune legg til rette for næringsutvikling og har tre faste tilsette som jobbar med næringsutvikling, to på landbruk og ein på annan næring.

Dette inneber m.a. dialog med lokalt næringsliv, bedriftsbesøk, rådgjeving, deltaking i ulike prosjekt og sakshandsaming av kommunalt næringsfond. Det har vorte gjennomført omkring 50 bedriftsbesøk dette året.

Lom kommune har løyva midlar frå kommunalt næringsfond til ulike tiltak i 2015.

Eit viktig satsingsområde har vore breibandsutbygging. Her vart det m.a. inngått eit samarbeid mellom åtte turistverksemder, kommunen og Eidsiva for å få meir stabilt nett i Bøverdalen.

Nord-Gudbrandsdalen var elles den einaste regionen i Oppland som fekk stateleg tilskot til breibandsutbygging i 2015, med eit tilskot på ca. 15 millionar. Kommunen har også støtta opp om Norsk Fjellmuseum, som er i gong med eit stort utbyggingsprosjekt for å utvikle seg til eit nasjonalt fjellsenter.

Vi gler oss! Det er òg løyva kr. 150 000 til skogbruket, samt nokre mindre tiltak som nyetableringa Jotunheimen Sykkelutleige og filminnspelinga CAVE.

Det har vore brukt i overkant av kr. 600 000 i kommunale midlar på landbruket, i tillegg til statelege løyingar gjennom BU-ordninga, SMIL og produksjonstilskot. Kommunen har m.a. støtta eit nytt fordelingsanlegg i Garmo, med Brimi Gard & Sæter i spissen. Talet på husdyr og produksjon er relativt stabilt.



Kom til Lom!



Den nye bruа blir testa

Utgard og arrangement har stått i fokus i 2015. Dette skapar liv og gir ringverknadar for mange aktørar. Lom har etter kvart fått mange store og små arrangement, og kvart år blir det lagt ned enorm dugnadsinnsats til glede for mange. Det kan vi vere stolte av! Arrangement som har fått tilskot i 2015 er Lom skifestival, Gastronomiske festdagar, Camp Jotunheimen, Tor Jonsson-jubileet, Fjordingsmartnan, Landsfestivalen, julemarknad i Presthaugen og Diktardagar.

Ordførar, næringssjef, administrasjonssjef og driftssjef for Utgard har delteke på Nasjonal

Innovasjonsskule for kommunesektoren dette året, i regi av Høgskulen i Lillehammer. Nyskaping og næringsutvikling har vore fokus på vår prosjektoppgåve, som hadde tittelen «Korleis utvikle Lom til Norges fremste arena for fjellsport».

Visit Jotunheimen AS er no etablert i Lom og har drifta turistinformasjon på Coop denne sumaren. Kommunen har støtta både Visit Jotunheimen AS og Nasjonalparkriket Reiseliv AS dette året. Gjestedøgnstatistikken for Lom 2015 er særskilt god, med ei auke på over 20%. Vi må mange år attende for å finne tilsvarende gode tal.

Gjennom denne sumaren har Nasjonalparklandsbyen hatt ei eigen landsbyvakt for å halde sentrum attraktivt og turstignettet i god stand. Bøverdalen, Garmo og Fossbergom fekk kr. 290 000 i tilskot i 2015 for å oppgradere turstigmerkinga.

Det er elles positivt at heile 12 nye bustadar har fått igangsettingstillatingar i Lom i 2015, og at bustadmarknaden i Lom er definert som attraktiv i ei ny analyse. Befolkningsnedgang er ei stadig utfordring, og kommunen har eit viktig ansvar med å legge til rette for bustadbygging og nye arbeidsplassar.

Interkommunalt samarbeid

Kommunane har stor grad av samarbeid. Organisasjonsfridom. Lom kommune har saman med andre kommunar i regionen, nyttar denne retten til ulike regionale

samarbeid.

I hovudsak kan kommunane organisere verksemda etter reglar i kommunelova,

men kan og nyte seg av privatrettslege lovar som aksjelova, stiftingar og samvirkeføretak. Lom kommune er med i desse samarbeidsordningane:

| | | Overføringer | |
|----|--|------------------|-------------------|
| | KL § | Til | Frå |
| 1 | Lom og Skjåk Brann/Feiarvesen | § 27 | 2 488 000 |
| 2 | Interkommunalt renovasjonsselskap NGR IKS | | 1 880 000 |
| 3 | Nord-Gudbr.dal kommunerevisjon | §27 | 523 000 |
| 4 | Sekretariat for kontrollutvalg for Nordalskommunene | §27 | 109 000 |
| 5 | Arbeidsgj.kontollen for Nordalskommunene | §28 | 171 000 |
| 6 | Skogbruksjefstilling for Lom-Skjåk-Vågå | §28 | 335 000 |
| 7 | Felles tilsyn byggesak | §28 | 185 000 |
| 8 | IT.samarbeid Lom-Skjåk | §28 | 817 000 |
| 9 | Geodatasamarbeid Nord - Gudbrandsdal | §28 | 300 000 |
| 10 | IT-samarbeid -Regiondata - | §27 | 1 758 000 |
| 11 | Regionråd | §27 | 430 000 |
| 12 | Psykiatri Lom-Skjåk | §28 | 1 076 000 |
| 13 | NAV | §28 | 1 316 000 |
| 14 | Gjeldsrådgjevar Nord - Gudbrandsdal | §28 | 104 000 |
| 15 | Flyktningeteneste Lom og Skjåk | §28 | 738 000 |
| 16 | PP- teneste Lom-Skjåk-Sel | §28 | 1 279 000 |
| 17 | Veterinærvakt Lom-Skjåk | §27 | 756 000 |
| 18 | Barne og ungdomsvern | §28 | 395 000 |
| 19 | NGLMS | §28 | 2 072 000 |
| 20 | *Samfunnsmedesiner | §28 | 181 000 |
| 21 | *Felles legevaktvarsling ink tryggleiksalarmer | §28 | 720 000 |
| 22 | *Jormorvakt | §28 | 62 000 |
| 23 | *Legevakt | §28 | 669 000 |
| 24 | *Intermediære senger/øyeblikkeleg hjelp senger | §28 | 440 000 |
| 25 | Ottadalen skatteoppkrevjarkontor | §28 | 410 000 |
| 26 | Fagråd for innkjøpssamarbeid | §27 | - |
| 27 | Interkommunalt utval for akutt forureining i Oppland | §27 | - |
| | | TOTALT | 16 644 000 |
| | | 2 570 000 | |

Tabellen over syner samarbeidsordningane kommunen er med i, kva paragraf som regulerer samarbeidet og kor mykje som blir betalt til samarbeidsordninga, eller inn til – der Lom er vertskommune eller administrativt tilhald for ordninga.

Etter kommunelova § 27 kan ein etablere samarbeid, men berre mellom kommunar og fylkeskommunar. Disse selskapa blir leia gjennom eige styre, slik at kommunestyret misser den direkte styringa med selskapet. Graden av delegert mynder avgjer om eit slikt organ vil vera eige rettssubjekt.

Vertskommunesamarbeid er regulert gjennom kommunelova § 28-1. Dette samarbeidet skjer ved at ei kommune utfører oppgåver for ei eller fleire andre kommunar. Samarbeidet er avtaleregulert, og er ikkje eige rettssubjekt. Vertskommunesamarbeid kan vera

antent administrativt samarbeid eller som vertskommune med felles folkevald nemnd. I den siste modellen handsamar den politisk valde nemnd dei principielle og politiske spørsmål i samarbeidet.

Klima og miljø

Kommunedelplan for klima og miljø i Lom kommune vart vedteken av Lom kommunestyre 17.06.2010. Kommunedelplanen vart utarbeidd på bakgrunn av den regional planen som vart vedteken i 2008.

Kommunedelplanen inneholder ein handlingsplan for perioden 2010-2015 med til saman 16 tiltakspunkt. Manglande personal- og økonomiske ressursar har medført at mange punkt i handlingsplanen ikkje er følgd opp i tråd med kommunedelplanens intensjonar. Men i 2015 etablerte Arctic Roads ladestasjon for elbilar i Lom, og dermed er eit av punkta i handlingsplanen gjennomført.

Eit anna tema i kommunedelplane for klima og miljø er betre tilrettelegging for

gåande og syklande til og frå sentrum ved hjelp av ei gangbru over Bøvre mellom Lom Camping og Andvord. Brua vil også gjøre turstignettet ut frå sentrum lettare tilgjengeleg. Bruforbindelsen har vore inne i planverket til Lom kommune i ei årrekke, og arbeid med å planlegge og finansierere bruha har pågått sidan 2010. I tillegg til Lom kommune har Oppland fylkeskommune og private næringsdrivande i Lom gitt vesentlege økonomiske bidrag til bruprosjektet. Brua stod ferdig før jul 2015, og arbeidet med å ferdigstille gang- og sykkelvegen ned frå Solsidevegen, oppføring av gatelys m.m. vil bli gjort våren 2016. Offisiell opning av bruha vil skje under Fjordingsmartnan 2016.

Informasjon

Karl Viggo Waldersløw takka for seg i 2015, Ola Rossehaug kom inn som ny informasjonskonsulent.

Gamle og nye kanalar

Informasjonsarbeidet i Lom kommune har lang tradisjon. og solid forankring. Loms-nytt har vore ein viktig informasjonskanal sidan tidleg på åttitalet, men har dei siste åra glimra med sitt fråver. Dette er noko kommunen vil ta tak i snøggast råd - vi treng ein slik informasjonskanal!

Kommunen har nyttet fb som informasjonskanal for ei rekke forskjellige saker, alt frå stillingsannonser, flotte bilde og skjemt.

nettsida i visuell- og innhaldsmessig oppdatering, og i desember 2015 vart den "nye" heimesida til Lom kommune utlagt.

Facebook og andre sosiale media

Sosiale media(SoMe) var viktig for Lom kommune i 2015, nærmere bestemt facebook. Ved årsslutt har sida til kommunen på fb fleire fyljarar enn det kommunen har innbyggjarar. Dette syner at SoMe er ein viktig informasjonskanal og for ein kommune!

Kommunen har nyttet fb som informasjonskanal for ei rekke forskjellige saker, alt frå stillingsannonser, flotte bilde og skjemt.

I filmstripa til høgre kan du sjå eit utval av filmsnuttar som er laga av Lom kommune spesielt med tanke på SoMe i 2015. Filmane finn du på facebooksida til Lom



Samfunnstryggleik og beredskap

Lom skal vera ein god kommune å bu og verke i. Vi skal til ei kvar tid ha eit godt og oppdatert planverk og sentrale aktørar skal vite kva rolle dei har i ein beredskapsituasjon. Kommunen har ei kriselerding som kan kallast inn på kort varsel.

Kriseverktøyet CIM* blir brukt i krisesituasjonar. Det er oppretta ei intern gruppe som kontinuerlig arbeider med vidareutvikling av planverket. I 2014 vart det starta opp arbeid med overordna ROS-analyser i regionen, dette har fortsatt i 2015. Det vart laga nytt beredskapsplanverk for Lom som vart godkjend i kommunestyret før jul i 2015.

I regi av Fylkesmannen i Oppland over kommunane Skjåk, Vågå og Lom kvarandre i tenkte krisesituasjonar. I 2014 vart Lom øva, medan Vågå skal øvast i 2016. Dette er tenleg for både den kommunen som blir øva, og dei kommunane som planlegg, og som er observatørar under øvingane.

Kommunen som arbeidsgjevar

• Lom kommune har ein arbeidsgjevarstrategi frå 2012. Arbeidsgjevarstrategien er inndelt i to **overordna satingsområde**:

1. omdømme og rekruttering
 2. omdømme og nærvær,
 - Strategien er eit overordna styringsdokument som skal sjåast saman med sentrale avtaler mellom arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgjevar, og lokale styringsdokument som kommuneplanen Lom 2020 og budsjettet. Arbeidsgjevarstrategien ser fram mot 2020.
- Mål for arbeidsgjevarstrategien;
- Lom kommune skal kontinuerleg forbetre kvalitet og effektivitet, og utvikle nye løysingar saman med brukarar, innbyggjarar og samarbeidspartar.

- Lom kommune skal ha leiatar som utfordrar, stiller krav og støttar.
- Lom kommune skal ha ein høg etisk standard, dei tilsette skal ta ansvar for eigne handlingar i samsvar med dei etiske retningslinene.
- Lom kommune skal ha evne til å rekruttere, behalde, og utvikle medarbeidarar, og ha god konkurranseevne i arbeidsmarknaden.
- Lom kommune ynskjer til kvar tid å representere mangfaldet i samfunnet.
- Tilsette og arbeidsgjevar arbeider kontinuerleg for eit godt omdømme.

Arbeidsmiljø og HMS/HMT

Lom kommune vart i 2003 IA-bedrift, og har no skrive under ei forlenga avtale ut 2018. Som IA-bedrift skal Lom kommune aktivt arbeide for å betre arbeidsmiljøet, styrke jobbnærværet, førebygge og redusere sjukefråvær og hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet.

Lom kommune har 10 verneområde, 9 verneombod og 1 hovudverneombod. Hovudverneombodet er ein av to representantar i AMU. Verneombodet si rolle er å ivareta arbeidstakarane sine interesser i saker som angår arbeidsmiljøet. Arbeidsmiljøutvalet er kommunen sitt overordna organ for saker knytt til arbeidsmiljø og HMS, og har 2 representantar frå arbeidstakarane og 2 representantar frå arbeidsgjevar. Arbeidsmiljøutvalet skal ha minst 4 møter i året, og det er på kvart møte rapportert på sjukefråvær.

Tiltaksplanen i arbeidsgjevarstrategien seier at kommunen skal arbeide med god oppfølging av dei tilsette gjennom trivsel og helsefremmende tiltak, aktiv bruk av livsfasepolitikken, arbeide med IA-avtalen, arbeide for kommunikativt og nært leiarskap, og ha eit elektronisk HMS/Kvalitetssystem som gjev god flyt og sikrar gode rutinar. Det er eit felles kvalitetssystem for heile kommunen.

| Sjukefråvær i 2015 fordelt på tenesteområda og på lengde på fråvær | Talet på dagar | Fodeling i prosent | | | |
|--|----------------|--------------------|-------------|------------|----------|
| | | 1-16 dagar | 17-40 dagar | >=41 dagar | |
| RÅDMANNEN | 8 | 0 | 3,1 | 0,9 | 4 |
| STØTTEFUNKSJONEN | 39 | 0,9 | 0,1 | 0 | 0,9 |
| REKTOR LOAR SKULE | 52 | 2,2 | 1,2 | 0,3 | 3,7 |
| REKTOR LOM | | | | | |
| UNGDOMSSKULE | 25 | 0,6 | 1,8 | 0 | 2,4 |
| BARNEHAGE | 31 | 3,1 | 5,3 | 1,5 | 9,9 |
| TENESTELEIAR | | | | | |
| MILJØ, TEKNISK, OG LANDBRUK | 37 | 3,6 | 5,6 | 1,4 | 10,5 |
| HELSE OG VELFERD | 37 | 3,2 | 6 | 1,3 | 10,6 |
| INSTITUSJONSBASERT OMSORG | 76 | 3,1 | 4 | 0,4 | 7,5 |
| HEIMEBASERT OMSORG | 52 | 3,2 | 5,4 | 1,2 | 9,8 |
| TOTAL | 383 | 2,6 | 3,7 | 0,7 | 7 |

| Sjukefråvær totalt frå 2011 til 2015 fordelt på fråværs lengde | 1-16 dagar | 17-40 dagar | > 41 dagar | Totalt |
|--|------------|-------------|------------|--------------------------|
| | | | | 2011 2012 2013 2014 2015 |
| 2011 | 2,00 | 1,00 | 3,10 | 6,20 |
| 2012 | 2,30 | 2,30 | 3,20 | 7,70 |
| 2013 | 2,70 | 2,50 | 2,00 | 6,30 |
| 2014 | 4,80 | 3,10 | 3,10 | 8,90 |
| 2015 | 2,6 | 3,7 | 0,7 | 7 |

Identitet og omdøme

Det er i Lom kommune fleire strategiske planar som syner kommunen sitt arbeid med identitet og omdømme. I Lom 2020 og Arbeidsgjevarstrategien er

omdømeperspektivet lagt til grunn, og Lom kommune har som visjon å vere gjestfritt og nyskapande, med aferdskrav som løysingsorientert, offensiv og

inkluderande.

Det blir kvart år gjennomført medarbeidar- og brukarundersøkingar.



Rekruttering og kompetanseutvikling

Kompetanse er summen av dei kunnskapar, ferdigheiter, evner og haldningar som må nyttast for å utføre dei kommunale oppgåvene som

Lom kommune til ei kvar tid utfører, og for å oppnå dei mål som er sett for tenesteytinga.

Kompetanseplanen er ein overordna plan som syner korleis Lom kommune ynskjer å arbeide med kompetanseutvikling for å nå måla sine i framtida.

Kompetanseplanen skal sikre ei målretta kompetanseutvikling av Lom kommune sine tilsette og ei målretta rekruttering av ny arbeidskraft. Kompetansebehovet skal definerast ut frå kva som er nødvendig for å nå overordna mål og

krav til tilsette på kort og lang sikt. Lom kommune har som mål å til ei kvar tid ha arbeidstakrar med den kompetansen som er

nødvendig for å løyse kommunen sine oppgåver på ein effektiv og rasjonell måte ved å:

- ta vare på og utvikle medarbeidaren sin kompetanse
- ta vare på den nytilsette medarbeidaren
- fokusere på rekruttering og positiv profilering

Lom kommune skal være ein lærande organisasjon som skapar gode føresetnader for

medarbeidaren si læring. Vi har fokus på både interne og eksterne læringsarenaer. Den strategiske kompetanseplanen skal evaluerast årleg, og det vert utarbeidd

tiltaksplanar for kvart tenesteområde med tiltak som skal gjennomførast i løpet av året. Tiltaka vil bli utarbeidde

på bakgrunn av medarbeidarsamtalar, brukar- og medarbeidarundersøkingar, SWOT-analysar og sentrale føringer. Tiltaka blir evaluerte gjennom årsmelding.

Someittavtakai Arbeidsgjevarstrategien er ein dag for nytilsette. Det er lagt opp til ein gjennomgang av både den politiske og administrative organiseringa av Lom kommune, og dei ulike reglementa og planane vi har.



Livsfasepolitikk

Som arbeidsgjevar ynskjer Lom kommune å legge til rette for at tilsette skal trivast og yte sitt beste på arbeidsplassen sin. Alle går gjennom ulike fasar i livet, og kvar livsfase har ulike behov, krav, utfordringar og moglegheter. Lom kommune ynskjer å ta høgde for at det som skjer undervegs i yrkeskarrieren påverkar produktivitet og kor lenge ein ynskjer å vera yrkesaktive.

Det er teke omsyn til dei ulike fasane i livet i kommunen sin livsfasepolitikk. Livsfasepolitikken vart vedteke i kommunestyret i desember 2015.

Heiltidskultur, likestilling og mangfold

Lom kommune arbeidar aktivt med å redusere bruken av deltidsstillingar og for å auke stillingsstorleiken for tilsette i deltid. Det er mange yrkesgrupper, og alle er like viktige for at Lom kommune skal vere den serviceverksemda vi gjerne vil vere. Det har sidan Lom kommune vedtok sin Arbeidsgjevarstrategi vorte utarbeidd ein strategisk kompetanseplan som skal vere med på å oppretthalde og auke kvaliteten på våre tenestar.

Lom kommune har fleire kvinner enn menn i arbeid, og desse har både lågare gjennomsnittleg alder og årsløn.

Talet på senioravtaler fra 2008 til 2015

| 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|------|------|------|------|------|------|------|------|
| 9 | 5 | 7 | 17 | 14 | 10 | 12 | 14 |

| Talet på årsverk 2015 | Totalt | Menn | Kvinner |
|--|-----------|-----------|---------|
| Stab | 4 | 2,1 | 1,9 |
| Støttefunksjon | 18,9 | 7,3 | 11,6 |
| Loar barnehage | 24,6 | 1 | 23,6 |
| Loar skule og Lom musikk- og kulturskule | 30,1 | 6,2 | 23,9 |
| Lom ungdomsskule | 18,4 | 6,8 | 11,6 |
| MTN | 24,8 | 13,8 | 11 |
| Helse og Velferd | 22,9 | 6 | 16,6 |
| Pleie og Omsorg | 70,2 | 1,5 | 8,7 |
| Helse og Velferd | 19,41 | 2,75 | 16,66 |
| Antal | 51 | 215 | |
| Prosent | 19,20 % | 80,20 % | |
| Gjennomsnittleg stillingsstorleik | 80,92 % | 78,68 % | |
| Gjennomsnittleg årsløn | 459.677,- | 424.231,- | |
| Gjennomsnittleg alder | 49,92 | 45,86 | |

Det er fleire kvinner enn menn i 100% stillingar, men menn har både høgare gjennomsnittleg stillingsstorleik og løn. Blant dei tilsette med faste deltidsstillingar er det flest kvinner, og dei høgare gjennomsnittleg stillingsstorleik enn menn.

Det er fleire vikarar inne i arbeid kvart år som ikkje har fast arbeidsforhold i kommunen. Det er flest kvinner, og desse har lågare gjennomsnittleg stillingsstorleik enn mennene.

Som ein del av Arbeidsgjevarstrategien skal Lom kommune utarbeide ein likestillings- og mangfoldspolitikk. Dette arbeidet skal gjerast saman med dei tillitsvalde.

Lønspolitikk

Lom kommune har ein lønspolitiskplan som skal vere basert på mål, motiverande, kompetanse- og karierreutviklande, synleg og basert på dialog, marknadsorientert og pådrivande for likeløn. Planen er tema på dialogmøter med dei tillitsvalde, og aktivt brukt ved rekruttering og lokale lønsforhandlingar. Lønspolitikken i Lom kommune skal vere synleg, gjennom kjende og bindande kriterium basert på dialog mellom leiar, tillitsvald og medarbeidar. Så langt som mogleg skal lønspolitikken

Fast tilsette i fulle stillingar 2015

| | Menn | Kvinner |
|-----------------------|---------|---------|
| Antal | 33 | 95 |
| Kjønn | 26,00 % | 74,00 % |
| Gjennomsnittleg alder | 50 | 46 |

Deltidstilsette i fulle stillingar 2015

| | Menn | Kvinner |
|-----------------------------------|---------|---------|
| Antal | 17 | 118 |
| Kjønn | 13,00 % | 87,00 % |
| Gjennomsnittleg stillingsstorleik | 51 | 46 |

Vikarar

| | Menn | Kvinner |
|----------------------------------|------|---------|
| Tal på vikarar | 4 | 29 |
| Gjenomsnittleg stillingsstorleik | 55 % | 41,20 % |
| Gjennomsnittleg alder | 34 | 36,7 |

sikre at kommunale funksjonar har eit løsnivå som er konkurransedyktig på den regionale arbeidsmarknaden, og den skal medverke til lik løn for arbeid av same kvalitet, innsats og resultat, og med lik moglegheit for lønsutvikling uavhengig av kjønn.

Planen vart gått gjennom i 2014 utan at det vart gjort endringar.

Tillitsvalde

Endringar og aukande forventningar til tenester, arbeidstakrar og arbeidsgjevar krev eit godt samarbeid mellom partane i arbeidslivet. Partane har ein rett og plikt til å gjere sitt beste for å skape eit godt samarbeid i kommunen. Dei tillitsvalde er representantar for dei tilsette ovanfor

arbeidsgjevar. I Lom kommune er det 11 organisasjonar som er representerte, og desse har til saman 71% frikjopte ressursar til organisasjonsarbeidet. Både pliktar og rettighetar til partane, og frikjøpressursar er regulert i Hovudavtala. Organisasjonane og arbeidsgjevar

har dialogmøte kvar månad, og dei tillitsvalde ha representantar i TU, AMU og ADMU. I tillegg er dei med i prosjekt og prosessar i regi av arbeidsgjevar. Eit viktig arbeid dei har teke dei i siste året er kommunereformen.

4. Økonomisk oversyn

Statlege rammer

Frie inntekter

Generelt

Overføringane frå Staten gjennom rametilskot og skatteinntekt utgjer dei frie inntektene. I tillegg til dette har kommunen inntekt av eigedomsskatt, inntekt frå sal av konsesjonskraft og utbytte. Kommunen har også tilskot av flyktningemottak.

Realveksten i dei frie inntektene for 2015 var berekna til 1,9 % (Kilde: statsbudsjettet 2016) Auka i dei frie inntektene for kommunen, var på kr 2 009 000, noko som er ei auke på 1,6 % i forhold til 2014

Skatt


Lom kommune er ei minsteinntektskommune. Ca 90 % av differansen mellom eige skatteinngang og gjennomsnittet for landet, blir overført frå dei skattemerkede kommunane til dei skattesvake gjennom inntektsutjamning. Lom kommune fekk ei inntektsutjamning i 2015 på kr 10 448 000. Vi fekk ei mindreinntekt på inntektsutjamning på kr 1 325 000. Skatteinntektane vart på kr 48 209 000. Av skatt på inntekt og formue (inkludert naturressursskatt) fekk kommunen ei meirinntekt på kr 847 000. Trekt frå mindreinntekt på inntektsutjamning får vi ei mindreinntekt på skattemerket på kr 478 000.

Rametilskot

Rametilskotet frå staten blir berekna etter ein prognosemodell utvikla av KS. Modellen bygger på avanserte indikatorar for folketal, demografi, berekna utgiftsbehov m.m. Rekneskapen syner at kommunen har fått eit samla rametilskot på kr 71 952 000 i 2015. Dette fører til ei meirinntekt på kr 438 000. Rameoverføringane har gått ned med kr 869 000 i forhold til 2014. Dette kan i det vesentlege forklara med nedgang i folketallet. I tillegg har kommunen skjønnstilskot på kr 500 000 som er i samsvar med budsjettet. Samla overføringer frå staten gjev ei meirinntekt på kr 41 000.

Inntekter frå staten

| | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2015 | Buds(end) 2015 | Avvik |
|----------------------------|----------------|----------------|----------------|------------|
| SKATT PÅ INNTEKT OG FORMUE | -43 317 330 | -45 993 670 | -47 362 000 | 1 368 330 |
| NATURRESURSSKATT | -2 187 900 | -2 214 916 | 0 | -2 214 916 |
| STATLEG RAMMEOVERFØRING | -72 821 000 | -71 951 763 | -71 514 000 | -437 763 |
| INNTEKTSUTJAMNINGSTILSKOT | -10 473 006 | -10 447 791 | -11 773 000 | 1 325 209 |
| SJØNNSTILSKOT | -500 000 | -700 000 | -700 000 | 0 |
| Sum inntekter | -129 299 236 | -131 308 140 | -131 349 000 | 40 860 |



Driftsrekneskap

Hovudtal frå tenesteområda (Netttotal)

| Tenesteområde | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2013 | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2015 | Buds(end) 2015 | Avvik i kr | Avvik i % * |
|---------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|------------|-------------|
| Rådgjevar oppvekst | 7 314 427 | 7 424 260 | 7 965 873 | 2 418 960 | 2 318 736 | 2 359 300 | -40 564 | -1,7 % |
| Støttefunksjonen | -114 513 004 | -119 310 560 | -120 282 582 | -131 928 614 | -124 293 271 | -127 203 805 | 2 910 534 | 2,3 % |
| Loar skule | 12 548 498 | 13 805 755 | 14 457 275 | 16 291 934 | 17 887 731 | 16 372 057 | 1 515 674 | 9,3 % |
| Garmo skule | 6 443 874 | 6 572 671 | 6 312 296 | 7 043 093 | 2 596 456 | 2 541 692 | 54 764 | 2,2 % |
| Lom ungdomsskule | 10 231 789 | 9 753 239 | 9 575 512 | 10 786 743 | 11 969 135 | 12 452 586 | -483 451 | -3,9 % |
| Barnehagane | 8 359 633 | 8 970 954 | 9 156 390 | 9 027 249 | 12 122 342 | 11 410 097 | 712 245 | 6,2 % |
| Miljø, teknisk og næring | 8 704 422 | 10 362 602 | 9 859 653 | 9 695 172 | 8 976 051 | 9 266 204 | -290 153 | -3,1 % |
| Utgard | 0 | 0 | -4 995 | 489 804 | 727 370 | 1 048 329 | -320 959 | -30,6 % |
| Helse- og velferd | 16 699 680 | 20 111 984 | 17 038 312 | 18 004 328 | 14 517 282 | 17 865 094 | -3 347 812 | -18,7 % |
| Institusjonsbasert omsorg | 28 306 560 | 27 842 531 | 29 561 041 | 30 619 863 | 29 942 548 | 28 140 078 | 1 802 470 | 6,4 % |
| Heimebasert omsorg | 21 431 975 | 21 142 896 | 21 706 529 | 23 694 162 | 23 089 544 | 24 432 388 | -1 342 844 | -5,5 % |

*) - tyder at det er positive avvik / + tyder at det er negative avvik



Driftsrekneskapen for Lom kommune

| | Notar | Rekneskap | Reg. budsjett | Oppr. budsjett | Rekneskap i fjor |
|---|-------------------|--------------------|--------------------------|---------------------------|-----------------------------|
| Driftsinntekter: | 9, 10, 24, 25 | | | | |
| Brukabetaling | | 9 255 769 | 8 762 640 | 8 542 640 | 8 876 560 |
| Andre sals- og leieinntekter | | 28 187 092 | 30 094 150 | 30 084 150 | 29 455 285 |
| Overføringer med krav til motyting | | 29 217 519 | 19 602 030 | 17 999 050 | 29 864 739 |
| Rammetilskot | 32 | 83 559 554 | 84 147 000 | 83 987 000 | 83 794 006 |
| Andre statlege overføringer | | 10 656 924 | 8 349 862 | 8 949 862 | 10 134 717 |
| Andre overføringer | | 435 823 | 100 000 | 100 000 | 543 858 |
| Skatt på inntekt og formue | 32 | 45 993 670 | 47 362 000 | 47 362 000 | 43 317 330 |
| Eigedomsskatt | | 5 942 374 | 5 933 000 | 5 933 000 | 5 187 850 |
| Andre direkte og indirekte skattar | | 6 929 741 | 5 000 000 | 5 000 000 | 6 667 673 |
| Sum driftsinntekter | | 220 178 466 | 209 350 682 | 207 957 702 | 217 842 018 |
| Driftsutgifter: | 9, 10, 23, 24, 25 | | | | |
| Lønsutgifter | 20 | 126 630 241 | 124 265 709 | 123 946 980 | 126 904 330 |
| Sosiale utgifter | 3 | 29 222 554 | 25 856 710 | 25 666 817 | 27 080 740 |
| Kjøp av varer og tenester som går inn i tenesteprod. | | 31 652 976 | 28 154 696 | 27 061 548 | 30 751 439 |
| Kjøp av varer og tenester som erstattar tenesteprod. | | 20 551 215 | 17 967 469 | 17 274 649 | 21 710 939 |
| Overføringer | 8, 19 | 19 321 947 | 16 712 840 | 10 894 592 | 20 306 124 |
| Avskrivningar | 30 | 11 961 354 | 10 902 000 | 10 902 000 | 11 230 853 |
| Fordelte utgifter | | -1 983 589 | -1 676 784 | -45 384 | -6 693 971 |
| Sum driftsutgifter | | 237 356 698 | 222 182 640 | 215 701 202 | 231 290 454 |
| Brutto driftsresultat | | -17 178 232 | -12 831 958 | -7 743 500 | -13 448 436 |
| Finansinntekter: | | | | | |
| Renteinntekter, utbytte og eigaruttak | 24 | 10 230 262 | 11 377 000 | 11 377 000 | 11 140 949 |
| Gevinst på finansielle instrument | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottekne avdrag på utlån | | 109 340 | 50 000 | 50 000 | 109 867 |
| Sum eksterne finansinntekter | | 10 339 602 | 11 427 000 | 11 427 000 | 11 250 816 |
| Finansutgifter: | | | | | |
| Renteutgifter og l[neomkostninga | 13, 23, 24 | 3 972 249 | 4 622 800 | 5 022 800 | 4 941 376 |
| Tap på finansielle instrument | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag p[l[n | 13 | 6 171 550 | 7 278 000 | 7 278 000 | 6 350 817 |
| Utlån | | 428 300 | 408 000 | 70 000 | 29 527 |
| Sum eksterne finansutgifter | | 10 572 099 | 12 308 800 | 12 370 800 | 11 321 720 |
| Resultat eksterne finantransaksjonar | | -232 497 | -881 800 | -943 800 | -70 903 |
| Motpost avskrivningar | | 11 961 354 | 10 902 000 | 10 902 000 | 11 230 853 |
| Netto driftsresultat | 22 | -5 449 375 | -2 811 758 | 2 214 700 | -2 288 486 |
| Interne finantransaksjonar: | | | | | |
| Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk | | 1 336 647 | 1 336 647 | 0 | 57 298 |
| Bruk av disposisjonsfond | 6 | 1 069 182 | 1 063 000 | 50 000 | 7 081 942 |
| Bruk av bundne fond | 6 | 7 660 815 | 7 599 758 | 3 586 300 | 5 050 183 |
| Bruk av likviditetsreserve | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum bruk av avsettingar | | 10 066 644 | 9 999 405 | 3 636 300 | 12 189 424 |
| Overført til investeringsrekneskapen | 12 | 0 | 509 000 | 509 000 | 258 124 |
| Dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 6 | 0 | 1 391 647 | 55 000 | 103 298 |
| Avsettingar til bundne fond | 6 | 5 622 521 | 5 287 000 | 5 287 000 | 8 202 868 |
| Avsettingar til likviditetsreserven | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum avsettingar | | 5 622 521 | 7 187 647 | 5 851 000 | 8 564 291 |
| Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk | 15 | -1 005 252 | 0 | 0 | 1 336 647 |

Rekneskapsresultat**Inntekter**

Driftsinntekten er kr 10 800 000 betre enn budsjettet.

Overføringer med krav til motyting

Avviket skuldast auka inntekt frå ressurskrevjande tenester med kr 1 960 000, tenesta oppmåling/kart har eit positivt avvik på

kr 730 000. Det er i tillegg fleire postar, somme negative somme med

positivt avvik. Det er kr 3 300 000 meir enn budsjettet i refundert frå sjukelønsordninga, noko som må sjåast saman med lønsutgiftene. Det er og kr 990 000 i meirinntekt frå momsrefusjon.

Andre statlege overføringer

Meirinntekta er i det vesentlege frå integreringstilskot for mottak av flyktningar.

Andre sals- og leieinntekter

Denne posten må sjåast opp mot andre postar i rekneskapen. Ut frå dette er det berre mindre avvik.

Anna

Det blir elles vist til punktet om «statlege rammer».

Konsesjonskraft

| | Regnskap 2014 | Regnskap 2015 | Buds(end) 2015 | Avvik Rekneskap - budsjett |
|-----------|------------------|------------------|-------------------|-------------------------------|
| Utgifter | 5 290 820 | 4 098 795 | 4 500 000 | -401 205 |
| Inntekter | -10 299 724 | -7 787 588 | -10 350 000 | 2 562 412 |

Det er eit negativt avvik i sal av konsesjonskraft på grunn av låge kraftprisar i 2015. Dette avviket er på kr 2 560 000.

| Driftsinntekter | Inntekt | Del av inntekt |
|-------------------------------------|--------------------|---------------------------|
| Brukabetalingar | 9 255 769 | 4,2 % |
| Andre salgs- og leieinntekter | 28 187 092 | 12,8 % |
| Overføringer med krav til motytelse | 29 217 519 | 13,3 % |
| Rammetilskudd | 83 559 554 | 38,0 % |
| Overføringer med krav til motytelse | 10 656 924 | 4,8 % |
| Andre overføringer | 435 823 | 0,2 % |
| Skatt på inntekt og formue | 45 993 670 | 20,9 % |
| Eiendomsskatt | 5 942 374 | 2,7 % |
| Andre direkte og indirekte skatter | 6 929 741 | 3,1 % |
| Sum driftsinntekter | 220 178 466 | 100,0 % |


Flaumstor Bøvre mai 2015



Utgifter og kostnader

Lønsutgiftene er kr 2 364 000 høgare enn budsjettet. Dette må ein sjå saman med refusjons av sjukeløn som er kr 3 300 000 høgare enn budsjettet. Sett i forhold til meirforbruket på samla løn, er det totalt for kommunen, ei innsparing på lønsutgiftene.

Dei sosiale utgiftene har eit meirforbruk på kr. 3 366 000. Dette avviket skuldast pensjonskostnader til KLP. Ved utarbeidning av budsjettet for 2015, fekk vi eit estimat som synte eit positivt premieavvik på kr. 2 160 000 (inntekt). (Premieavviket er differansen mellom pensjonskostnadene og berekna premie for året) I april 2015 fekk vi nytt estimat for premieavviket. Dette synte da eit negativt transaksjon (kostnad) på kr 6 800 000. Vi fekk dermed eit negativt avvik frå budsjettet på kr 8 950 000. Mellomværande med KLP har fleire element i seg. I og med at kommunen er medeigar av KLP, får vi tilført middel frå overskotet det enkelte året. For 2015 estimerte KLP vår del av overskotet til å bli kr. 890 000. Ved mottak av nytt estimat i april 2015, var vår del av overskotet estimert til kr 3 700 000 i inntekt. Dette medfører eit positivt avvik i forhold til budsjettet på kr 2 810 000. I tillegg til



ein stor forbrukar av energi, ser vi ein betydeleg nedgang i forbruk av elektrisk kraft.

- Vedlikehald til bygg mm har eit overforbruk på ca. kr 1 000 000.
- Konsulenttenester har eit overforbruk på ca. kr 900 000. Dette beløpet må sjåast saman med fakturerte utgifter til vårt forsikringsselskap, som har betalt ein del av disse utgifte.

«Kjøp av tenester som erstattar tenesteproduksjon» har eit overforbruk på kr 2 600 000. Dei vesentlege avvik under denne posten kjem frå:

- Overføring til NAV Lom og Skjåk med kr 430 000.
 - Landbruk kr. 460 000.
 - Sosialhjelp kr. 970 000
 - Overføring til Regiondata med kr. 560 000
 - Det er andre poster som går både i positiv og negativ retning.
- «Overføringar» har eit avvik på kr 2 600 000. I denne posten ligg det ein grad som ein kunne forventa for to store område i energiforbruk. Dette gjeld Helseheimen og Loar- området. Dette er ein situasjons som blir undersøkt nærmere. For Utgard, som er

Ei oppstilling av rekneskapen for 2015 mot 2016 syner denne utviklinga:

Økonomisk oversikt - drift**Driftsinntekter****Driftsutgifter**

Lønnsgifte

Sosiale utgifter

Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon

Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon

Overføringer

Avskrivninger

Fordelte utgifter

Sum driftsutgifter**Brutto driftsresultat****Finansposter****Resultat eksterne finanstransaksjoner**

Motpost avskrivninger

Netto driftsresultat

| | Regnskap | Regnskap i fjor | Endring |
|--------------------|--------------------|--------------------|------------------|
| | 220 178 466 | 217 842 018 | 2 336 448 |
| 126 630 241 | 126 90 330 | -274 090 | |
| 29 222 554 | 27 080 740 | 2 141 814 | |
| 31 652 976 | 30 751 439 | 901 537 | |
| 20 551 215 | 21 710 939 | -1 159 724 | |
| 19 321 947 | 20 306 124 | -984 177 | |
| 11 961 354 | 11 230 853 | 730 501 | |
| -1 983 589 | -6 693 971 | 4 710 382 | |
| 237 356 698 | 231 290 454 | 6 066 243 | |
| -17 178 232 | -13 448 436 | 3 729 796 | |
| | -232 497 | -70 903 | -161 594 |
| 11 961 354 | 11 230 853 | 730 501 | |
| -5 449 375 | -2 288 486 | 3 160 888 | |

Brutto / Netto driftsresultat

Brutto driftsresultat syner resultatet av drifta før finansposter. Brutto driftsresultat syner eit underskot på kr 17 180 000 mot budsjett kr 12 830 000. For 2014 var brutto driftsresultat på kr 13 450 000 i underskot.

Netto driftsresultat syner kva som kan nyttast til avsettingar og bidrag til finansiering av investeringar etter at renter og avdrag er betalt. For å sikre ei forsvarleg formueforvaltning er det frå sentral styremakter tilrådd å ha eit netto driftsresultat som er minimum 1,75% av driftsinntektene. Dette måltet må vurderast ut i frå kva

som er dei lokale behov til investering og utviklings tiltak. For å halde eit stabilt godt investeringsnivå utan reell auke i gjeld, er det naudsynt at netto driftsresultat i % av driftsinntektene held seg på eit høgt nivå. For Lom bør dette talet vera minst 2%. 2 % er i samsvar med vedteken økonomisk handlingsregel. Lom kommune har eit stort investeringsbehov. Ein bør halde eigenkapitalfinansiering på investeringar på ca. 40 %.

Netto driftsresultat for 2015 er negativt med kr 5 450 000. Justerer vi netto driftsresultat for premieavviket og netto


bruk av bundne fond, får vi eit justert netto driftsresultat som er negativt med kr 705 000. Det justerte netto driftsresultat blir da - 0,3 % av driftsinntektene. Om ein skulle oppnådd målsettinga om minimum 2% netto driftsresultat av driftsinntektene, skulle vi ha eit justert netto driftsresultat på kr 4 400 000. Med andre ord, så bør netto driftsresultat forbetra med kr 5 100 000. I budsjettet for 2015, var det budsjettet med positivt netto driftsresultat med kr 2 200 000. Det er arbeidd med strategiske og strukturelle endringar i løpet av 2015, som og vil betre driftssituasjonen.

| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|----------|----------|----------|------------|------------|
| Netto driftsresultat | 16674668 | 13534441 | 14334528 | -2 288 486 | -5 449 375 |
| Netto driftsresultat justert (-/negativt resultat +/positivt resultat) | 28004794 | 15385843 | 23737232 | -2 785 608 | -704 742 |

Figuren syner utvikling i netto driftsresultat. Frå 2014 er ikkje momskompensasjon på investeringar ført som driftsinntekt, og dermed får vi ein reduksjon i netto driftsresultat av den grunn og.

Meir- eller mindreforbruk

Rekneskapen syner eit meirforbruk på kr 1 005 000. Samla driftsinntekter for kommunen var kr 220 178 000. Meirforbruket syner eit avvik på 0,5% i forhold til driftsinntektene.

**Konklusjon**

For å betre driftsresultatet, må det gjerast strukturelle og strategiske grep. Driftsutgiftene må reduserast. Ut frå KOSTRA – tal får ein synleggjort potensialet i økonomien. Det er mindre lønsutgifter til administrasjon i Lom enn samanliknande kommunar.

Potensialet ligg innanfor pleie- og omsorg. Det er sett i verk tiltak for innsparinger innan Pleie- og omsorg for 2016. Gjelda bør ikkje aukast med

mindre det kjem av tiltak som reduserer driftsutgiftene på ein slik måte at investeringar kan forsvarast av dette.

Handlingsregelen:

I kommunestyretmøte den 29.10.2015 i sak 61/2015 vedtok

Lom kommunestyre ein handlingsregel for god økonomisk styring.

Handlingsregelen har desse målsetjingane:

- Mål om korrigert netto driftsresultat: 2 % av driftsinntektene.
- Mål om storleiken på disposisjonsfondet: 10 % av driftsinntektene.
- Mål om netto lånegjeld: skal ikkje vera over 65 % av driftsinntektene.

Avviket i justert netto driftsresultat et på kr 5 100 000. Er 2% netto driftsresultat godt nok for dei nærmaste åra? Det er behov for store investeringar fortsatt. I økonomiplanen er det vedtak om omsorgsbustader for 15 600 000 i 2016 og kr 15 600 000 i 2017. I tillegg er det vedtak om rehabilitering av lom helsecenter for kr 15 000 000. Til saman i investeringsbudsjettet fro 2016, er det planlagt med kr. 55 215 000.

Kravet til justert netto driftsresultat må sjåast saman med investeringsbehova, og det faktum at vi har eit særslig rentenivå. Dette kan koma til å auke, slik at det vil bli større utfordringar med å greie 2,0 % justert netto driftsresultat.

Investeringar vil og sette krav til lånegjeld og disposisjonsfondet. Investeringar bør finansierast med 40 % eigekapital. Med dei investeringane vi skal gjennomføre i 2016, burde 19 500 000 vore finansiert med eigekapital og tildskot og lån med 19 000 000. I staden må vi finansiere investeringane med lån på kr 38 150 000.

Netto lånegjeld har eit avvik i forhold til målsettinga med kr 53 700 000, som gjelda må reduserast med. I tillegg ser vi at det er behov for å auke disposisjonsfondet med kr. 5 500 000.

Nedanfor syner vi avvika frå handlingsregelen etter rekneskapsforskrifta for 2015:

| Handlingsregel | 2015 | Handlingsregel | Avvik |
|--|-------------------|-----------------------|------------------|
| Driftsinntekter | 220178466 | 220178466 | |
| Justert netto driftsresultat | -707669 | 4403569 | 5111238 |
| Justert netto drift i % av driftsinntekter | -0,3 % | 2,00 % | |
| Disposisjonsfond | 16 507 231 | 22 017 847 | 5 510 616 |
| Disposisjonsfond i % av driftsinntekter | 7,5 % | 10 % | |
| Netto lånegjeld | 196812667 | 143116003 | 53696664 |



Investeringsrekneskap

Investeringsprosjekt

| | Rekneskap 2015 | Buds(end) 2015 |
|--------------------------------------|-----------------------|-----------------------|
| Edb-utstyr/programvare | 377 674 | 372 300 |
| Etableringslån | 4 135 061 | 3 009 000 |
| Avdrag-tomtefest | 131 500 | 0 |
| Kjøp av aksjer og andelar | 548 859 | 600 000 |
| Kjøp -kommunale bilar | 2 984 762 | 3 200 000 |
| Kjøp av utleigebustader | 3 721 801 | 3 723 000 |
| Mindreforbr-investering | 623 316 | 665 168 |
| Va-leidning - sanering | 2 074 305 | 1 200 000 |
| Programvare -leidnings-og kartverk | 1 954 043 | 1 200 000 |
| Kommunale vegar- dekkelegging | 232 365 | 100 000 |
| Kollavegen | 413 818 | 187 500 |
| Fossbergom ra - rehab. | 234 642 | 240 000 |
| Garmo ra -rehab. | 407 228 | 4 800 000 |
| Leirmo ra -rehab | 317 466 | 5 200 000 |
| Opprusting hovedpumpestasjon | 1 499 469 | 1 400 000 |
| Trykkforsterker - ulstad | 224 133 | 100 000 |
| Gangveg loar-utgard | 921 263 | 1 237 500 |
| Brubakken-trafikksikring | 31 483 | 125 000 |
| Utgard | 895 759 | 503 785 |
| Loar skule-brannalarm | 408 586 | 993 750 |
| Drengestugu-ombygging | 421 184 | 350 000 |
| Pensjonatet -enøk tiltak | 256 565 | 0 |
| Miljøstasjon | 203 026 | 190 000 |
| Gangbru over bøvra | 3 103 282 | 3 250 000 |
| Utleigeb.Vanskelegstilte/flyktninger | 0 | 5 115 000 |
| Nytt helsecenter-detalj prosjekt | 302 509 | 655 000 |
| Nytt helsecenter | 0 | 13 425 800 |
| Ventilasjonsanl-nytt helsecenter | 0 | 1 062 500 |
| Ambulansestasjon | 0 | 5 450 000 |
| Kjøp av utstyr | 440 044 | 431 250 |
| Sum investering | 26 864 142 | 58 786 553 |

Finansiering

| | Rekneskap 2015 | Buds(end) 2015 |
|----------------------------------|-----------------------|-----------------------|
| Sal av grunn/tomter | -10 238 | 0 |
| Øyremerka tilskot | -371 000 | -2 710 000 |
| Refusjon frå staten | -150 000 | 0 |
| Komp.Mva-anskaffelser-inv. | -1 327 296 | -4 204 800 |
| Ref. Tomtetekn.Arbeid | -131 500 | 0 |
| Refusjon frå private | -622 500 | -610 000 |
| Overf- frå fylkeskommuna | -1 553 681 | -1 760 000 |
| Overf.Frå regionrådet- iks | 0 | -40 000 |
| Bruk av lån | -15 750 813 | -42 739 800 |
| Lån - etableringslån | -627 200 | -2 000 000 |
| Motteke ekstraord.Avdr-husb. | -1 174 150 | 0 |
| Avdrag tomtefest | -26 300 | 0 |
| Ordinære avdr.-Formidl.Lån | -985 125 | -650 000 |
| Bruk av tidl.Års netto resultat. | -623 316 | -665 168 |
| Bruk av disposisjonsfond | -251 507 | -1 374 000 |
| Bruk av bundne driftsfond | -592 197 | -735 000 |
| Bruk av næringsfond | -938 785 | -938 785 |
| Bruk av bunde investeringsfond | -1 348 586 | 0 |
| Overføring frå driftsrekneskapen | 0 | -359 000 |
| Reknesk.Messig meireforbruk | -379 948 | 0 |
| Totalt | -26 864 142 | -58 786 553 |

Balanse**Eigendelar****Anleggsmidlar**

Av dette:
Faste eigedommar og anlegg
Utstyr, maskinar og transportmiddel
Utlån
Konserninterne langsiktige fordringar
Aksjar og andeler
Pensjonsmidlar

Omløpsmidlar

Av dette:
Kortsiktige fordringar
Konserninterne kortsiktige fordringar
Premiavvik
Aksjar og andeler
Sertifikat
Obligasjonar
Dervat
Kasse, postgiro, bankinnskot

Sum eigendelar**Eigenkapital og gjeld****Eigenkapital**

Av dette:
Dispositionsfond
Bundne driftsfond
Ubundne investeringfond
Bundne investeringsfond
Rekneskapsmessig mindreforbruk
Rekneskapsmessig meirforbruk
Udisponert i investeringsrekneskap
Udekkja i investeringsrekneskap
Kapitalkonto
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest

Langsiktig gjeld

Av dette:
Pensjonsforpliktingar
Ihendehavarobligasjonslån
Sertifikatlån
Andre lån
Konserintern langtids gjeld

Kortsiktig gjeld

Av dette:
Kassakredittlån
Anna kortsiktig gjeld
Derivat
Konsernintern kortsiktig gjeld
Premiavvik

Sum eigenkapital og gjeld

| Notar | Rekneskap 2015 | Rekneskap 2014 |
|-------|--------------------|--------------------|
| | 667 747 794 | 643 242 325 |

| | | |
|--------|--------------------|--------------------|
| 11, 30 | 354 308 728 | 347 945 840 |
| 11, 30 | 6 421 090 | 3 433 389 |
| | 49 262 077 | 50 406 042 |
| | 0 | 0 |
| 4, 5 | 0 | 0 |
| 3 | 257 755 899 | 241 457 054 |
| 2 | 113 079 043 | 132 260 266 |

| | | |
|----|--------------------|--------------------|
| 21 | 21 296 734 | 22 203 603 |
| | 0 | 0 |
| | -625 431 | 6 157 496 |
| | 10 887 143 | 10 338 284 |
| | 0 | 0 |
| | 0 | 0 |
| | 0 | 0 |
| 18 | 81 520 597 | 93 560 883 |
| | 780 826 836 | 775 502 591 |

| Notar | Rekneskap 2015 | Rekneskap 2014 |
|-------|--------------------|--------------------|
| | 228 686 218 | 230 677 279 |

| | | |
|---------------|-------------|-------------|
| 6, 26 | 16 507 231 | 17 827 920 |
| 6 | 38 573 438 | 42 138 352 |
| 6 | 4 467 702 | 3 844 387 |
| 6, 27, 28, 29 | 1 687 223 | 1 861 658 |
| | 0 | 1 336 647 |
| | -1 005 252 | 0 |
| 15 | 0 | 623 316 |
| 15 | -379 948 | 0 |
| | 172 183 198 | 166 392 373 |
| | -369 896 | -369 896 |
| | -2 977 477 | -2 977 477 |

| | | |
|-------|--------------------|--------------------|
| 14, 4 | 512 903 134 | 508 017 644 |
|-------|--------------------|--------------------|

| | | |
|---|-------------|-------------|
| 3 | 316 090 467 | 304 699 716 |
| | 0 | 0 |
| | 0 | 0 |

| | | |
|------------|-------------|-------------|
| 13, 14, 23 | 196 812 667 | 203 317 928 |
| | 0 | 0 |

| | | |
|---|-------------------|-------------------|
| 2 | 39 237 485 | 36 807 668 |
|---|-------------------|-------------------|

| | | |
|--|--------------------|--------------------|
| | 780 826 836 | 775 502 591 |
|--|--------------------|--------------------|

Anleggsmidlar

Anleggsmidlar syner dei rekneskapsførde verdiar av eigedomar, drifts-midlar, pensjonsmidlar, utlån og aksjar med meir. Total bokførd verdi av anleggsmidlar ved

utgangen av 2015 var kr 667.700.000. Anleggsmidlar har auka med kr 24.500.000 frå 2014 til 2015. Omlag kr 16.300.000 av denne auka skuldast

pensjonsmidlar. Den bokførde verdien av pensjonsmidlar er kr 257.755.000. Det er ei auke på kr 9.350.000 i faste eigedomar og driftsmidlar.

Omløpsmidlar

Omløpsmidlar er dei bokførde verdiane av kasse, bank, kortsiktige fordringar m.m., og er eit tal i vurdering av likviditeten.

Det er rekneskapsmessig endring i føring av aksjar frå anleggsmidlar til kortsiktig fordring. Det er viktig å ha med seg at dei aksjane som kommunen har, er aksjar


med langsiglig føremål. Omløpsmidlar er redusert med kr 19 200 000 frå 2014 til 2015. Bankinnskot er redusert med kr 12 000 000.

Likviditet


Likviditeten til Lom kommune er god.

Ser ein på kortsiktig gjeld (skal betalast innan 1 år) opp mot omløpsmiddel (kasse, bank, kundefordringar), så har vi i 2015 eit forholdstal = Omløpsmiddel dividert på kortsiktig gjeld på 3,2 mot 3,6 i 2014. Inn i denne oppstillinga må vi ha med at vi har ubrukte lånemiddel, lån som er opptekne for planlagde og starta investeringsprosjekt og plasserte som bankinnskot.


*Likviditetsgrad 1:
Omløpsmiddel/kortsiktig gjeld bør vera over 2.*

**Arbeidskapital i % av driftsinntekter**

Arbeidskapitalutvikling er ei anna oversikt over likviditetsutviklinga. Arbeidskapitalen er differansen mellom omløpsmiddel og kortsiktig gjeld, sett i prosent av driftsinntekter. Både disse analysane syner ein god likviditet.

**Gjeld****Kortsiktig gjeld**

For Lom kommune består kortsiktig gjeld av gjeld til leverandørar, arbeidsgjevaravgift, skuldig meiverdigavgift, skattetrekkt m.m. Denne gjelda har ei auke med kr 2 400 000. Pr 31.12.2015 var denne gjelta på kr 39 237 000.




Langsiktig gjeld
Langsiktig gjeld består av lånegjeld og pensjonsforpliktingar. Rekneskapsført langtids gjeld pr. 31.12.201 var kr 512 900 000 mot kr 508 000 000 ved utgangen av 2014. Dette er ei auke på kr 4 900 000. Låneopptak blir gjort etter vedtak i kommunestyret.

Innhenting av låna kan strekke seg utover året, sett noko i forhold til framdrift i investeringsprosjekt. Pensjonsforpliktingane var bokført med kr 316 000 000, ei auke på kr 14 400 000 frå 2014. Lån til investeringar var bokført med kr 196 813 000, ein reduksjon på kr 6 505 000.

Eigenkapital

Eigenkapitalen syner kor mykje av kommunen sine eigedelar som er finansiert med eigne middel. Eigenkapitalen har hatt nedgang dei siste åra. Dei siste åra har lite frå drifta vorte tilført eigenkapital/disposisjonsfond. Ved investeringar bør ein nytte ca. 40 % eigenkapital og dermed maksimalt ca. 60 % langsiktig gjeld. Eigekapitalen var ved utgangen av 2014 på kr 230 700 000, og ved utgangen av 2015 var denne på kr 228 700 00.

Diagrammet til høgre syner utvikling av eigekapitalen.

**Finansrapport****Føremålet med finansforvaltninga****Overordna mål**

Finansforvaltninga har som overordna føremål å sikre stor grad av forutsigbarhet for Lom kommune sin finanzielle stilling. Finansforvaltninga skal gje ei rimelig avkastning, utan å ta vesentleg finansiell risiko.

Delmål

Kommunen skal til kvar tid ha likviditet til å dekkje dei forpliktingar som kommunen har. Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning. Dette skal gjerast innanfor definerte krav til likviditet og risiko. Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad. Vurdering av dette skal skje innanfor


definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det skal takast omsyn til at det er behov for å ha forutsigbare lånekostnader. Forvaltning av eventuelle langsiktige finansielle aktiva, utanom middel berekna til å dekke daglege fordringar til driftsføremål, skal skje etter same overordna forsiktige prinsipp som for annan likviditet.

Ledig likviditet og midlar for driftsføremål

Kommunen sine midlar til driftsføremål (og ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK). Driftslikviditet til kommunen skal plasserast i kommunen sin hovudbank.

I tillegg kan det gjerast innskot i andre spare- eller forretningsbankar. Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekkje dei forpliktingar som kommunen har.

Kommunen sine likvider er plasserte i bankinnskot. Noko av likvidane er plasserte i rentebinding med tre månaders oppseiningstid. Gjennomsnittleg inneståande på denne avtala er kr 55 000 000. Likvider elles er plasserte til flytande rente, og er til ei kvar tid disponibele midlar.

**Gjeldsporfølje og andre finansieringsavtaler**

Sum lånebehov for 2015 etter kommunestyret sitt budsjettvedtak var kr 41 706 00.

- Fastrentelån: 44,0 %
- Flytande rente: 56,0 %

Nye lån i 2015 er på kr 2 000 000 som er eit forvaltningslån for vidareutlån. Lån etter budsjettvedtak for 2015, har kome inn i 2016 med kr 10 000 000. Låneoppnak blir vurdert opp mot investeringane og framdrift på disse. Kommunale bilar, der leasingavtala gjekk ut i 2015, er kjøp ut frå leasingselskapet. Ved utgangen av året hadde vi denne fordelinga mellom lån med flytande rente og fast rente:

Finansreglementet seier at fordelinga på lånealternativa skal ha minimum 1/3 av låna skal vera lån til fastrente og minimum 1/3 av låna skal vera lån til flytande rente, medan 1/3 skal vurderast ut i frå marknadssituasjonen. Etter dette blir det vurdert til at fordeling av låna er innanfor reglementet sine krav. Eitt av delmåla i finansreglementet:
"Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad. Vurdering av dette skal skje innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko."

Det skal takast omsyn til at det er behov for å ha forutsigbare lånekostnader." Ved 1 % renteauke, vil våre utgifter pr. år auke med ca. kr. 1 100 000.

Lån til flytande rente er på kr 110 000 000. Ein del av lånegjelda, er lån til investeringar innan VAR – området. Her er renta sikra ved at rentekostnaden blir kalkulert inn i dei kommunale gebyra, etter reglar for fastsetting av gebyr. Forvaltningslån utgjer kr 21 960 000. Disse låna er i det meste lånt ut vidare, der ei eventuell renteauke er sikra ved auka renteinntekt frå utlån.

Kommunen sine langsiktige finansielle aktiva**Føremål**

Forvaltning av Lom kommune sine langsiktige finansielle aktiva har som føremål å sikre ei langsiktig avkastning som kan vera med på å gje innbyggjarane i Lom eit godt tenestetilbod. Det skal styrast etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år, samtidig som ein forsøker å få ei rimeleg årleg bokført avkasting.

Dagens situasjon

Lom kommune har lån til AS Eidefoss, der kommunestyret tidlegare har vurdert at kommunen, saman med dei andre eigarkommunane kvar kan yte eit ansvarleg lån til selskapet med kr 30 mill. I tillegg har Lom kommune aksjar og egedelar i andre selskap som vist i oppstilling til høgre. Aksjar og andre egedelar er å sjå på som langsiktige og samfunnsmessige investeringar.

Selskap

| Selskap | 31.12.2015 | 31.12.2014 |
|------------------------------------|-------------------|-------------------|
| Gudbrandsdal Lufthamn AS | 127 500 | 127 500 |
| Eidefoss AS | 2 400 000 | 2 400 000 |
| Midtgard AS | 410 000 | 1 410 000 |
| Jotunheimen Reiselivslag AS | 11 000 | 11 000 |
| Skjolden Næringsbygg AS | 100 000 | 100 000 |
| Kommunekraft | 1 000 | 1 000 |
| Det Norske Teatret | 1 | 1 |
| Gudbrandsdal Industrier AS | 541 000 | 541 000 |
| Gudbrandsdalsmusea AS | 36 000 | 36 000 |
| KLP - eigekapitalinnskot | 5 871 113 | 5 322 254 |
| Stiftelsen Norsk Kulturarv | 50 000 | 50 000 |
| Lom Tamreinlag ANS | 60 000 | 60 000 |
| NGR - Renovasjonsselskap | 88 400 | 88 400 |
| Kompetanse.Universitets-og forskn. | 26 128 | 26 128 |
| Klimapark-2469 | 165 000 | 165 000 |
| Sum | 10 887 142 | 10 338 283 |

Nøkkeltal pr. 31.12.2015

| | 01.01.2015 – 31.12.2015 |
|---|-------------------------|
| Renteinntekter og aksjeutbytte | 10 230 000 |
| Avkastning i % (bankinnskot, aksjekapital og utlån) | 8,8 % |
| Langsiktig gjeld utanom pensjonsforpliktingar | 196 813 000 |
| Effektiv lånerente | 2,0% |
| Aksjar og utlån | 35 016 000 |

| Kostralal (kommunal og statleg rapportering) (sjå analyse på neste side) | Lom 2013 | Lom 2014 | Lom 2015 | Kostra- gruppe | | Opp- land utan Oslo 2014 blir 2015 | Landet 2014 blir 2015 |
|--|-------------|-------------|-------------|-------------------------------|-------------------------------|--|--------------------------------|
| | | | | Skjæk 2014 blir 2015 | Lesja 2014 blir 2015 | | |
| 5 1-5 år Prosent | 2 361 | 2 356 | | 2 245 | 2 059 | .. | .. |
| 6-15 år Prosent | 4,3 | 4,7 | | 4,0 | 4,3 | 5,4 | 5,0 |
| 16-18 år Prosent | 11,3 | 11,3 | | 11,4 | 12,9 | 12,0 | 11,4 |
| 19-24 år Prosent | 3,9 | 3,5 | | 3,2 | 3,6 | 4,0 | 3,8 |
| 25-66 år Prosent | 7,5 | 7,8 | | 6,6 | 7,1 | 7,3 | 7,8 |
| 67-79 år Prosent | 53,2 | 53,6 | | 53,0 | 51,5 | 52,3 | 53,5 |
| 80 år og over Prosent | 12,2 | 12,0 | | 14,4 | 12,9 | 12,1 | 12,1 |
| <u>Finansielle nøkkeltall</u> | | | | | | | |
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt | | | | | | -,2 | -0,2 |
| Netto driftsresultat i prosent av br. driftsinnt. | | | | | | 0,6 | 1,0 |
| Frie inntekter | | | | | | 55 617 | 62 392 |
| Langsik | 198,7 | 233,2 | | | | 55 597 | 49 281 |
| Arbeidsl | 31,8 | 41,3 | | | | 48 554 | |
| Netto lån i kroner per innbyggjar | 53 421 | 56 062 | | | | 11 092 | 50 897 |
| <u>Prioritering</u> | | | | | | 57 144 | 43 613 |
| Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år, barnehagar | 120 683 | 117 991 | | | | 43 613 | 49 613 |
| Netto dr.utg. til grunnskulesektor per innb. 6-15 år | 127 741 | 135 312 | | | | | |
| Netto dr.utg. pr. innb. i kroner, kommunehelsetenesta | 4 577 | 4 376 | | | | | |
| Netto dr.utg. pr. innb. i kroner i kroner, pleie- og omsorg | 23 038 | 24 741 | | | | | |
| Netto dr.utg. pr. innb. 20-66 år i kroner til sosialtenesta | 1 029 | 4 560 | | | | | |
| Netto dr.utg. pr. innb. 0-17 år i kr., barnevernstjenesta | 6 397 | 4 219 | | | | | |
| Netto dr.utg. pr. innb. i kr. til administrasjon og styring | 5 596 | 6 806 | | | | | |
| <u>Dekningsgrad</u> | | | | | | | |
| barn 1-5 år med barnehageplass Prosent | 83,2 | 89,1 | | | | | |
| elevar i grunnskulen som får spesialundervisning | 5,6 | 5,3 | | | | | |
| innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på institusjon | 19,5 | 17,8 | | | | | |
| <u>Produktivitet/enhetskostnader</u> | | | | | | | |
| Korrigerte dr.utg. i kr. per barn i kommunal barnehage | 170 847 | 155 765 | | | | | |
| Korrigerte br. dr.utg. i kroner til grunnskule, skulelokal og skuleskyss, per elev | 130 673 | 137 701 | | | | | |
| Gjennomsnittleg gruppestørleik, 8.-10.årstrinn | 12,3 | 10,9 | | | | | |
| Korr. dr.utg. pr. innb. i kr. pr. mottakar av heimetenester | 181 669 | 195 558 | | | | | |
| <u>Brutto driftsutgifter administrasjon</u> | | | | | | | |
| Brutto dr.utg adm. og styring, i % av tot. br. driftsutg. | 6,4 | 7,4 | | | | | |
| Br. dr.utg. styring og kontroll, i % av tot. brutto driftsutg. | 1,5 | 1,3 | | | | | |
| Br. dr.utg. administrasjon, i % av tot. brutto driftsutg. | 4,9 | 6,1 | | | | | |
| <u>Lønsutgifter</u> | | | | | | | |
| Løn administrasjon og styring i % av totale lønsutgifter | 6,3 | 7,5 | | | | | |
| Løn, styring og kontroll i % av totale lønsutgifter | 1,4 | 1,2 | | | | | |
| Løn administrasjon, i % av totale lønsutgifter | 4,9 | 6,3 | | | | | |
| Lønsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb | 4 579 | | | | | 5 436 | 6 235 |

Tal for 2015 kjem juni 2016

5. Oversikt frå tenesteområda

Støttefunksjonen

Oppgåver og ansvar

Støttefunksjonen skal yte service overfor dei andre resultatområda i kommunen. På denne måten får dei andre resultatområda hatt fokus på sine primæroppgåver. Støttefunksjonen har også oppgåver som er retta mot innbyggjarane i kommunen.

Støttefunksjonen har hatt ansvaret for disse oppgåvene:

- Biblioteket
- Utgard
- Servicetorg
- Kulturoppgåver
- Informasjon
- IT/IKT
- Personalavdeling/HMT
- Økonomi
- Innkjøp



Mål og resultatstyring

Måloppnåing

Støttefunksjonen skal levere tenester med god service, vera løysningsorientert, halde fristar og tydeleggjera tenestene. Det skal vera mogleg å påverke lånetilbodet på biblioteket og få god informasjon om nye bøker.

Støttefunksjonen har hatt redusert bemanning store delar av 2015. I tillegg vart oppgåver og tilsette flytta på i løpet av 2015, med bakgrunn i brukar- og medarbeidarundersøkingar i 2014 og tidlegare. Fleire har fått nye oppgåver, og disse er fortsatt under opplæring. Redusert bemanning og endring i oppgåver har medført at vi har vore i

ein «ny» situasjon, som har påverka våre resultat. På sikt vil organisasjonen sette seg, og målet er betre service og levering til organisasjonen og brukarane. Vi ser at vi med dei tilsette vi er i dag, balanserer på

«ein knivsegg» i forhold til kvalitetskrav

og levering til rett tid. Definisjon og avklaring av bestilling vil vera viktig for å imøtekoma forventning om kvalitet og kompetanse i oppgåveutføring.

Innanfor informasjonsarbeidet fekk vi oppsæting frå rekneskapsansvarleg og frå konsulent lön som vil slutte i byrjinga av 2016. Ny medarbeidar innan økonomi (70 %) vart tilsett ved slutten av 2015. Denne begynner sitt arbeid i mai 2016.

arbeidet som er gjennomført i 2015.

Innan økonomi, har vi ein medarbeidar som har slutta i 2015. I tillegg skal rekneskapsansvarleg slutte i 2016, slik at ein i arbeidet med årsoppgjeret har gjennomført opplæring parallelt med dette arbeidet.

To medarbeidarar ved Servicetorget sluttar ved nyttår. I tillegg har vi motteke oppsæting frå rekneskapsansvarleg og frå konsulent lön som vil slutte i byrjinga av 2016. Ny medarbeidar innan økonomi (70 %) vart tilsett ved slutten av 2015. Denne begynner sitt arbeid i mai 2016.

**01100100 01101001 01100111 01101001 01110100 01100001 01101100 01101001
01110011 01100101 01110010 01101001 01101110 01100111 (Digitalisering)**

Desse oppgåvene er digitalisert:

- Stoffkartotek (HMT – arbeid)
- HMT – handbok
- Avviks – system
- Risikostyring
- Elektronisk oppslagsverk
- Elektronisk kassesystem ved Servicetorget
- Nytt reiserekningssystem
- eHandel (utrulling fortset i 2016).
- Nytt design av www.lom.kommune.no



Målekart og kommentarar

Fokus- område Kritisk suksessfaktor Indikator

| | | Noreg Støttefunksjonen | | | |
|--------------------|------------------------------|---|----------|----------|----------|
| | | res 2015 | Res 2014 | Mål 2015 | Res 2015 |
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Støttefunksjonen gjev god service ved kontakt | 5,1 | 4,7 | 5,0 |
| | | Støttefunksjonen er løysingsorientert | 4,9 | 4,4 | 4,7 |
| | | Støttefunksjonen held avtalde fristar | 4,9 | 4,2 | 4,6 |
| | | Støttefunksjonen tydeleg-gjer tenestene eg kan få | 4,8 | 4,4 | 4,7 |
| | | Besökande på kommune-nettstaden pr. månad | 1 701 | 5 000 | 8 000 |
| Brukarar | Målt kvalitet biblioteket | 1 i 1 i | | | |
| | | Oppland Oppland | | | |
| | | Utlån pr. innbyggjar | 5,6 | 5,4 | 5,9 |
| | | Kor flinke er dei tilsette til å hjelpe deg? | 4,8 | 5,4 | 5,2 |
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Er det mogleg å påverke lånetilbudet? | 4,8 | 5,4 | 5,0 |
| | | Korleis er informasjon om nye bøker? | 4,7 | 5,4 | 5,2 |
| | | 1,0 % 1,6 % 0,9 % | | | |
| | | Sjukefråvær korttid | 0,5 % | 1,6 % | 1,0 % |
| Med- arbeidarar | Målt kvalitet | Sjukefråvær langtid | | | |

Utfordringar framover

- Framover vil Støttefunksjonen ha desse oppgåvene:
- Økonomi
- Personal
- Helse, - miljø og tryggleik
- Innkjøp, inkludert eHandel

Vi vil ha fokus på desse prosessane:

- Vidareutvikle arbeidet med eHandel
- Vidareutvikle HMT – arbeidet i organisasjonen
- Arbeide vidare med digitalisering av økonomiarbeidet
- Arbeide med digitalisering av løns- og personalarbeidet

Skule

Oppgåver og ansvar

Lom ungdomsskule

Skal ein nå måla i Kunnskapsløftet, må ein sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheter i dei grunnleggjande ferdighetene i skriving, lesing og rekning. Vi er no med på Mattelyst. Dette prosjektet er ferdig våren i 2016. Frå hausten 2016 skal skulen vere med i ei satsing på skriving i regi av Ungdomsskolen i utvikling. Her har vi kome godt i gong med førebuing til prosjektet.

Skulen har i dei siste åra satsa sterkt på Vurdering for læring. Det er eit viktig

tiltak for å betre elevane sin motivasjon for læring slik at dei kan gjennomføre det 13 årige skuleløpet. Gjennom vurdering for læring vil elevane bli betre kjend med læringsmåla og få kunnskap om kva som krevst for å nå måla, men vi må bli betre i å få elevane meir med i vurderingsarbeidet.

Det har kome nye kompetansekrav lærarar. På ungdomsskulen må ein ha 60 stp. i basisfaga for å vere kvalifisert for å undervise. I dei ande faga er det krav om 30 stp. Unntak frå dette er undervisning i valfag og i arbeidslivsfaget.

Lærarar som no er tilsette i skulen, har frist til 2024 for å skaffe seg naudsnyt undervisningskompetanse. Vi har utarbeid eit skjema som viser undervisningskompetansen på ungdomsskulen, og kva for lærarar som manglar naudsnyt kompetanse. Når ein skal vidareutdanne lærarar, er det viktig at ein tek utgangspunkt i kompetanseplanen for skulen slik at lærarar utan godkjend kompetanse blir prioritert ved etterutdanning.

Loar skule

For å nå måla i Kunnskapsløftet er viktig at det psykososiale miljøet er godt. Loar skule skal vere ein skule der elevane opplever tryggleik, inkludering, trivsel og omsorg. Læringa skal opplevast som meiningsfylt og læringsmiljøet skal gje elevane ei kjensle av meistring og tru på seg sjølve. Vidare satsing på dei grunnleggjande dugleikane i Kunnskapsløftet er viktig for å oppnå måla våre.

Vurderingsarbeidet ved skulen må vidareutviklast og vidareføring må sikrast når nye lærarar kjem inn, vurdering for læring skal føre til auka læringsutbytte for

Lom musikk- og kulturskule

Hovudoppgåvene for Lom musikk- og kulturskule er å fremje eit rikare kulturliv i kommunen ved å gje tilbod om opplæring innafor dei aktivitetane som speglar interessene hjå elevane. For å mangfaldig gjera tilboden, er ein heller ikkje framand for å freiste å skape interesse for aktivitetar som fram til nå

ikkje har vore kjende/ populære blant barn og unge. Ein vil søkje å utvikle og forløyse kreativitetane hjå kvar einskild elev, samstundes som ein legg vekt på å fremje forståing av, oppleveling av og interessa for ulike kulturaktivitetar. Det å få Lom musikk- og kulturskule ut til folk er og ei viktig oppgåve. Utanom

å spegle glede og hyggje, vil vi og på den måten stadfeste posisjonen vår i lokalmiljøet. Målet er vidare å skape eit positivt barne- og ungdomsmiljø ved at elevane får høve til å vere med på verdifulle aktivitetar i form av det kulturelle opplæringstilbodet i musikk- og kulturskulen.



Mål og resultatstyring**Måloppnåing****Lom ungdomsskule**

Det er viktig at skulen opprettheld den ressurstilgangen vi har no. Eit viktig mål er å dreie innsatsen frå enkeltvedtak om spesialundervisning og over til tilpassa undervisning. Det svært viktig at elevar som ligg i grå sona mellom å ha spesialundervisning og ordinær undervisning, blir flytta over til å få tilpassa undervisning i klassen. Skal ein lykkast med å få desse elevane gjennom ungdomsskulen med karakterar i alle fag og eit læringsutbytte som gjer dei i stand til å fullføre vidaregåande

undervisning, må ein ha stor lærartettleik slik at det blir ei reell tilpassa undervisning. Spesialundervisninga ved ungdomsskulen har vortet sterkt redusert frå 2009. Mange av «gråsoneeleverne» følger no ordinær undervisning. Men etter 2014 har vi fått ein del elevar med heilt spesielle behov (diagnosar) som har ført til at dei har lite utbyte av ordinær undervisning og dermed utløyst retten til spesialundervisning. Sjølv om vi bruker ein del av spesialtimane til gruppedeling, har det ført til større behov for lærartimar

og assistentimar.

På dei nasjonale prøvene i basisfaga har vi som målsetting å leggje godt over landsgjennomsnittet. 8. klasse i 2014 hadde dårlege resultat i alle tre basisfaga. Ved dei nasjonale prøvene i 9. klasse hausten 2015 hadde dei forbetra seg og låg omtrent på landsgjennomsnittet i lesing og matematikk. Svært gledeleg at det no er mange elevar på nivå 5. Her ligg vi godt over landsgjennomsnittet. Resultata på dei nasjonale prøvene i 8. klasse i lesing og engelsk var dårlege. Her

Loar skule

På dei nasjonale prøvene i lesing og reking hadde vi som målsetting å ha maks 10% av elevane på nivå 1. Denne målsettinga nådde vi ikkje i år, her må vi fortsette det arbeidet vi er i gang med. Vi har fokus på lesekurs, vurdering for læring, etter- og vidareutdanning og kompetanseheving på andre måtar. I reking ser vi fortsatt at vi har mange på høgste nivå, noko som er bra. Fokuset vårt med dei nasjonale prøvene er å sjå

trendane og utvikling. Tiltak kommande år er blant anna å sjå på moglegheit for ein reknepedagog, etablere ei engelskgruppe på skulen, halde fram med samarbeidet med ungdomsskulen og vidareutvikle det, integrere leseplanen, fokus på læringsstrategiar i kollegiet og korleis nyte dei tre leserettleiarane på skulen best mogleg.

Loar skule har hatt mangel på digitale

hjelpemiddlar til både elevar og lærarar. Dette skuleåret har vi fått på plass to digitale tavler til. Det er viktig å ha fokus på fornying og supplering også framover, for vi er enda ikkje i mål på dette området.

Ei viktig målsetting for Loar skule er at elevane skal trivast her. Dette er viktig for all læring. Vi ser, både av elevundersøkinga ved skulen, at elevane ved Loar skule har det bra.

Lom musikk- og kulturskule

Pr. 31.12.15 hadde Lom musikk- og kulturskule 83 elevar og 101 elevplassar.

Når talet på elevplassar er høgare enn talet på elevar kjem det av at same eleven kan

t.d. vera med på fleire tilbod samtidig, same eleven kan vere med på dans og formgjeving som også har individuell undervisning.

Ved ledig time og ingen elevar på venteliste, kan same eleven få undervisning på to instrument. Ved årsskifte fordelte elevane seg på desse tiltaka.

Målekart og kommentarar**Lom ungdomsskule**

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Lom ungdomsskule | | | |
|--------------|-----------------------|--|----------------------|-------------|-------------|-------------|
| | | | Noreg res 2015 | Res 2014 | Mål 2015 | Res 2015 |
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Sosial trivsel | 4,2 | 4,0 | 4,0 | 4,1 |
| | | Trivsel med lærarane | | | | |
| | | Mobbing på skulen | 1,2 | 1,3 | 1,2 | 1,4 |
| | | Fagleg rettleiing av lærar | 4,0 | 4,2 | 4,1 | 4,0 |
| | Målt kvalitet | Tilfreds med dialog heim-skule | | | | |
| | | Gjennomsnitt grunnskulepoeng | 40,2 | | 39,5 | 41,4 |
| | | Resultat NP lesing 9. klasse, nivå 1 og 2 av 5 nivå | | 19,0 % | 10,0 % | 21,0 % |
| | | Resultat NP regning 9. klasse, nivå 1 og 2 av 5 nivå | | 19,0 % | 15,0 % | 18,0 % |

Økonomi

Det har vore god økonomistyring med eit overshot på ca. 500.000 kroner på heile tenesteområdet. Vaksenopplæringa har ca. 100.000 kr. større utgifter enn budsjettet medan inntektene er 500.00 høgare enn budsjettet. Det er vanskeleg å budsjetttere utgifter/inntekter for vaksenopplæringa. Det avhenger av kor mange flyktningar som blir busette i kommunen. Då vi slit med å skaffe språkarbeidsplassar, får vi store utgifter til undervisning. Det har i dette året blitt ei meir rett føring av lønsutgiftene til assistentane. Desse utgiftene er i 2015 ført på teneste 2022 (spesialundervisning) i staden for 2020. Det har ført til eit stort overshot på 1010 teneste 2020 og eit tilsvarende undershot på 1010 teneste 2022. I budsjettet for 2016 har vi teke omsyn til dette slik at lønsutgiftene på 2022 har auka medan dei har minka på 2020. Det er ein del fellesutgifter som blir fordelte på tenesteområda på slutten av budsjettperioden. Dette gjer at budsjettansvarleg slit med å få full kontroll på dei samla utgiftene på budsjettet i løpet av året..

Brukbarar

Elevundersøkinga i 10. klasse er obligatorisk. Svarprosenten var i 2015 på 100%. Blant anna svarer elevane på spørsmål om trivsel, støtte frå lærarane,

vurdering for læring, læringskultur og mobbing. På nesten alle indikatorane ligg vi over eller likt med dei nasjonale resultata. Skulen har hatt gode resultat gjennom mange år med omsyn til mobbing. Men i 2014 og i år er vi ikkje nøgde med tala. Vi har eit resultat på 1,4 medan det for fylket er 1,3 og nasjonalt 1,2. Dette er vi ikkje nøgde med.. Vi bør vere over landsgjennomsnittet. Vi har sett i gong tiltak. Mellom anna har vi utarbeidd eit skjema vi skal bruke på foreldrekonferansane og på elevsamtalar. Her er det spørsmål om trivselen på assistentane. Desse utgiftene er i 2015 ført på teneste 2022 (spesialundervisning) i staden for 2020. Det har ført til eit stort overshot på 1010 teneste 2020 og eit tilsvarende undershot på 1010 teneste 2022. I budsjettet for 2016 har vi teke omsyn til dette slik at lønsutgiftene på 2022 har auka medan dei har minka på 2020. Det er ein del fellesutgifter som blir fordelte på tenesteområda på slutten av budsjettperioden. Dette gjer at budsjettansvarleg slit med å få full kontroll på dei samla utgiftene på budsjettet i løpet av året..

I tillegg skal helsestøster i sine elevsamtalar ta opp med elevane om trivsel, og om dei er plaga av medelevar på skulen.

Svara syner at det er ei foreldregruppe som er svært tilfredse med skulen og det undervisningstilbodet elevane får. På eit område har skulen forbetringspotensiale, og det er den medverknaden elevane har.

Medarbeidarar

Det skal bli ein ny medarbeidarundersøking: 10faktor. Denne skal bli gjennomført våren 2016

Læring og fornying

Det er ei sterk statleg satsing på å auke kompetansen til lærarane. I 6K er alle skulane med på prosjektet Mattelyst. Denne satsinga vil føre til eit kompetanseløft for alle som underviser i faget.

Kompetanse for kvalitet er ei svært god ordning for å få lærarar til å ta vidareutdanning. Vi har i dette skuleåret ein lærar som tek 30 stp. - I Lesing i alle fag i ungdomsskulen. Vi har frå før ein leserettleiar på skulen og saman med den som no tek utdanning i leseopplæring, står vi godt rusta til å forbetre leseferdigheit hos elevane på ungdomsskulen. Det er dessverre mange i ungdomsskulealder slit med å lese. Leseferdigheit er avgjerdande for all anna læring.

Fra hausten 2016 skal skulen vere med på ei nasjonal satsing – Ungdomsskulen i utvikling (UIU) Vårt satsingsområde innanfor denne satsinga er skrivning.

Loar skule

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg | | | | Loar skule | |
|--------------|-----------------------|---|----------|----------|----------|----------|------------|----------|
| | | | res 2015 | Res 2014 | Mål 2015 | Res 2015 | Mål 2015 | Res 2015 |
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Trivsel | 4,4 | 4,5 | 4,6 | 4,4 | | |
| | | Mobbing på skulen | 1,2 | 1,1 | 1,0 | 1,1 | | |
| | | Fagleg rettleiing av lærarar | 4,4 | 4,6 | | 4,3 | | |
| | Målt kvalitet | Tilfreds med dialog heim-skule | 4,4 | 4,5 | 4,5 | 5,0 | | |
| | | Nasjonale prøver 5.steg lesing. Prosentdel på meistringsnivå 1 av 3 nivå. | 24 % | 26 % | 10 % | 18 % | | |
| | | Nasjonale prøver 5.steg rekning. Prosentdel på meistringsnivå 1 av 3. | 23 % | 11 % | 10 % | 32 % | | |

Økonomi

Loar skule hadde i 2015 eit meirforbruk på 1,5 mill. Noko av det skuldast meirforbruk innan drift, men hovudsakleg skuldast dette feil i budsjettgrunnlaget på løn.

Innanfor dei ulike tenesteområda fordeler det seg slik:

- Grunnskuleundervisning: 890.000 i meirforbruk.

Skuldast hovudsakleg feil i lønsgrunnlaget der grunnlaget på fleire tilsette manglar for hausten.

Det var noko for høg aktivitet vårhavaret av ulike tilhøve. Meirforbruk:

- Spesialundervisning 495.000
- Skulefritidsordning: ca 90.000

Skuldast mindre brukarbeting, auka bemanning grunna tilhøve og at det ikkje var budsjettert med vikarbehov.

Meirforbruk:

- Skulelokale: 75.000

Skuldast meirforbruk straum og internkjøp.

- Kulturskulen: 90.000

Meirforbruk på fordelte kostnadars og mindre brukarbeting.

Det er etablert ulike tiltak i etterkant av dette resultatet:

- Månadleg rapportering til

administrasjonssjef, skal skje den 15. i kvar mnd.

- Rektor har etablert eige system for oppfølging av lønsutbetaling.
- Tettare oppfølging frå økonomi slik at ein blant anna sikrar at budsjettgrunnlaget er rett.

Brukurar

Elevundersøkinga i 7.klasse er obligatorisk, i tillegg har vi bestemt at 5.klasse også skal vere med på denne.

Vi har dårligare resultat enn vi plar ha. Vi er på eller under snitt på alle område, med unntak av mobbing der vi ligg godt over. Dette betyr ikkje at vi skal slutte å arbeide mot mobbing, men tvert i mot. Vi må fortsetja det gode arbeidet vårt med førebygging og involvere heimane i dette arbeidet.

Foreldreundersøkinga er ikkje obligatorisk, men vi vel å gjennomføre den kvart år. Foreldre melder frå at elevane trivst godt på skulen og at dei føler dei blir godt ivareteke. Foreldre er godt nøgd med dialog heim-skule som vi har hatt fokus på i fleire år. Vi oppmodar foreldre om å fortsetja å svare på denne undersøkinga.

I brukarundersøkinga for SFO var svarprosenten på låge 26%. Foreldre i SFO er ikkje så godt nøgd med tilbodet no som før, dei etterlyser også meir informasjon om kva som skjer på SFO og kva for oppfølging elevane får. Det er foreldre som etterlyser eit tilbod for mindre timetal i veka. Foreldre er nøgde med opne- og stengjetidspunkt.

Læring og fornying

Kompetanse for kvalitet er ei veldig god ordning for å vidareutdanne lærarar. I år har fire lærarar frå Loar om vore med på ordninga. Det vil bety auka kompetanse i engelsk, matematikk, naturfag samt at vi får ein leserettleiar til på skulen. Dette vil styrke kompetansemiljøet betrakteleg, men vi er fortsatt veldig sårbar når det kjem til kompetanse i engelsk. Dette er eit felt vi arbeider med for å gjere meir attraktivt, blant anna ved å danne ei engelskgruppe på skulen.

Alle skulane i 6K er med på prosjektet Mattelyst, denne satsinga vil føre til eit kompetanseløft for alle lærarane med fokus på rekning i alle fag. Mattelyst vert avslutta frå NTNU våren 16, men skulen skal sjølvsgå fortsetja utviklinga innanfor matematikk og rekning.

Kommentarar til nokre nøkkeltal**Lom ungdomsskule**

Elevtalet har heldt seg svært stabilt sidan 2011. Det same et talet på lærarar og assistenter. Ser ein på lærartettleiken så har den hatt ei auke sidan 2009 med litt under eit årsverk.

Fra 2009 og fram til 2013 har vi hatt ei sterkt reduksjon av talet på timer til spesialundervisning og hatt som mål at så mange som mogleg skal gå ut av ungdomsskulen med fullverdig vitnemål og dermed høve til å fullføre vidaregåande skule med fagbrev. For å få til dette så har vi brukt mange delingstimar for å få til tilpassa undervisning for ulike typar elevar.

Fra 2013 og fram til no har det kome fleire elevar med heilt spesielle behov(diagnosar) som har gjort at vi har hatt ei auke i spesialundervisninga.

Dette forklarer og auka i talet på assistenter då desse elevane har fått tildelt mange assistenttimar. Større lærartettleik har og si årsak i at vi har innført arbeidslivsfag

og valfag. Her har vi ein del små grupper som sjølvsgå medfører større forbruk av lærarar.



Speske elevar ved Lom ungdomsskule

| | Nøkkeltal Lom ungdomsskule | | | | | | | Nasjonalt | |
|-------------------|----------------------------|------|------|------|------|------|------|-----------|--|
| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2014 | |
| Elevtal pr. 01.10 | 105 | 97 | 86 | 76 | 88 | 87 | 86 | | |
| Tilsette lærarar | 18 | 16 | 16 | 17 | 16 | 15 | 15 | | |
| Kvinner/menn | 11/7 | 11/5 | 11/5 | 12/5 | 11/5 | 9/6 | 9/6 | | |
| Assisterar | 2 | 4 | 2 | 2 | 2 | 2 | 3 | | |
| Lærartettleik | 11,8 | 12,2 | 12,2 | 12,4 | 11,4 | 10,9 | 11,9 | 14,3 | |

Vaksenopplæring

| | | | | | | |
|-----------------|----|-----|-----|-----|-----|-----|
| Elevar 31.12.15 | 16 | 26 | 25 | 23 | 20 | 18 |
| Årsverk | 1 | 1,5 | 2,0 | 1,3 | 2,0 | 2,0 |

Nøkkeltal Loar skule

| | 2010-11 | 2011-12 | 2012-13 | 2013-14 | 2014-15 | 2015-16 |
|---|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Talet på elevar | 171 | 166 | 164 | 157 | 153 | 171 |
| Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon | 12 | 13 | 14 | 12 | 12 | 13 |
| Talet på lærarar | 19 | 22 | 17 | 18 | 20 | 24 |

Kommentar: Talet på lærarar har auka frå 14/15 grunna Garmo. Stillingane er ikkje auka tilsvarende, da fleire er i delvis permisjon.

Utfordringar framover

Lom ungdomsskule

- Legge til rette for tilpassa opplæring. For å få til dette er det viktig med delingstimar.
- Fremje ein vurderingskultur ved skulane, der m.a. lærarane ved undervegsvurdering av elevane informerer dei om deira faglege ståstad i høve til kompetansemåla i faget.
- Gjennom m.a. vurderingsarbeidet få elevane i større grad til å ta del i utviklinga av læringsmiljøet.
- Utvikle bruken av IKT i skulane gjennom m.a. læringsplattformen It's learning slik at skulane kan bli mellom dei fremste i landet i bruk av elektroniske læringsverktøy. Bruk av databaserte opplæringsprogram.
- Gjennom rekruttering og etter- og vidareutdanning gjera skulane i stand til å nå måla i Kunnskapsløftet.
- Sikre nok ressursar til skulen for å følge opp krav frå elevar, foreldre og storsamfunn. Her er delingstimar det viktigaste tiltaket.
- Ein del elevar slit med å få gjort lekser og derfor tilbyr skulen leksehjelp etter skuletid.
- Mange elevar slit med matematikk. Gjennom satsinga i 6K- Mattelyst vonar vi at lærarane skal få auka kompetanse til å konkretisere matematikkundervisninga.
- Det blir og viktig at ein legg vekt på grunnleggjande ferdigkeit i rekning i alle fag.

Loar skule

- Rekruttere og etter – og vidareutdanne lærarar slik at vi når måla i Kunnskapsløftet.
- Sørgje for å inkludere rekning i alle fag
- Å få på plass nok digitalt utstyr, samt kompetanse, slik at elevane har høve til å nå måla i digitale ferdigheter. Vi manglar nokre digitale tavler for at elevane skal ha likt utgangspunkt.
- Vidareutvikle uteskulen
- Implementere leseplanen
- Redusere talet på spesialundervisning og legge til rette for tilpassa opplæring for alle, for å nå dette målet er det avgjerande med delingstimar.
- Arealet arbeidsplassar til alle tilsette er ei utfordring. Vi har ikkje nok areal til å dekke det arbeidstilsynet seier er kravet, som er 6 kvadrratmeter pr lærar.

Lom musikk- og kulturskule

- Ta vare på og vidareutvikle kvalitetane i Lom musikk- og kulturskule.
- Arbeide for å få til meir samspel, samarbeid på tvers av tilboda.
- Auke ressurstilgangen slik at vi kan få til tilbod for fleire yngre brukar grupper, og kan opprette fleire tilbod.
- Legge til rette for kurs og kompetanseheving for dei tilsette.
- Vidareutvikle det faglige samarbeidet med andre kulturskular. Samordne stillingar med andre kulturskular/Vinstra vgs. For å få kvalifiserte folk til å undervise.
- Legge til rette for arbeid med ny rammeplan for kulturskulen.

- Lom har lite fråfall i den vidaregåande skulen. Skal ein halde fram med dette, så må så mange elevar som mogleg fullføre ungdomsskulen med karakter i alle fag. Dette er ressurskrevjande då dette krev stor grad av tilpassing som gjer at ein må ein ha stor lærartettleik.
- Skulen har nokre framandspråklege elevar. Viktig at desse lærar så mykje norsk at dei kan gå vidare i skulesystemet. Det er og vanskeleg å få integrert jentene.
- Mange elevar slit sosialt og psykisk. Det er eit stort behov for ein sosiallærar. Ein slik lærar kan vere felles for skulane og barnehagane.

Barnehage



Sklia i Loar barnehage

Oppgåver og ansvar

Barnehagen sitt samfunnsmandat

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.»

Barnehagen sitt verdigrunnlag

«Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og natur, åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som

kommer til uttrykk i ulike livssyn og som er forankret i menneskerettigheten.»
Barnehageloven § 1.

I tillegg skal barnehagen følgje dei retningslinjer som Rammeplan for barnehagen gjev.

Mål og resultatstyring

Måloppnåing

Ny Rammeplan er under utarbeiding og ei ny Stortingsmelding om innhaldet i barnehagen har nettopp kome. Tittelen på denne er : «Tid for lek og læring», som seier noko om kva som skal vere hovudinnhaldet i barnehagen. Å finne god balanse mellom, og å integrere leik og læring er både ei utfordring og eit mål for barnehagane.

Barnesamtalane vi gjennomfører med dei eldste barna, viser at leik og det å ha nokon å leike med, er det aller viktigaste for barna sin trivsel i barnehagen. Dette

må derfor arbeidast systematisk med. Fokusområde for barnehagane dette året er «Likeverd og likestilling i barnehagen». Eit av måla med dette arbeidet er at barna skal lære å respektere kvarande sjølv dei er ulike, og at alle skal få like moglegheter uavhengig av kjønn og forutsetningar. Vi ser at dette arbeidet har ført til at barna leiker meir med fleire og også meir variert leik. At foreldra har vore involverte har vore viktig.

Utviklinga med stadig fleire heilt små barn i barnehagen fortset, og

påvirkar barnehagekvarden. Desse treng tryggleik, omsorg, stabilitet og tilgjengelege vaksne. Vi har som mål at dei yngste skal vere i små og stabile grupper. Det er dette året så stor andel av barn under 3 år i Loar barnehage, at alle ikkje får plass på småbarnsavdelingane, slik at nokre må gå på blanda gruppe med eldre barn. I Garmo barnehage har det hausthalvåret vore utvida småbarnsgruppe. Vi erfarer at det ikkje er like lett å ivareta dei yngste barna sine behov i store grupper.

Målekart og kommentarar

| Fokus- område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg | | | | Loar barnehage | | | |
|------------------|-----------------------|---|-------------|-------------|-------------|-------------|----------------|-------------|-------------|-------------|
| | | | res 2015 | Res 2014 | Mål 2015 | Res 2015 | res 2015 | Res 2014 | Mål 2015 | Res 2015 |
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Tilfreds med tilgjenge | 5,5 | | 5,6 | 5,1 | | | | |
| | | Foreldra sine moglegeheter for medverknad | 4,6 | | 5,1 | 4,6 | | | | |
| | | Respektfull behandling av barnet | 5,4 | | 5,6 | 5,5 | | | | |
| | | Barnehagens bidrag til språkutviklinga | 5,0 | | 5,5 | 4,9 | | | | |
| Målt kvalitet | | Talet på barn på venteliste | 0 | | 0 | 0 | | | | |

Økonomi

Avvik som varsla til kommunestyre i møte den 18. juni. Dette grunna at etter innsoking, såg vi at vi måtte opprette fleire barnehageplassar frå hausten 2015, noko som førte til auka utgifter til bemanning og tilpassning av lokaler.

Brukarar

Resultat på brukarundersøking (foreldre) har gått litt ned, og er så vidt under landssnitt. Nedgang på

brukarmedvirkning. Kommentarar og andre attendemeldingar viser at det mellom anna kan ha med gruppесamansetning å gjere. Vanskeleg å vere fleksible på dette da vi må fylle opp plassane på avdelingane. Nedgang også på tilgjengeleighet, spesielt opningstidspunkt. Vi kan ikkje utvide opningstida med den bemanninga vi har i dag, da vi ikkje vil få dekt dagen på ein forsvarleg måte. Svarprosenten er 51, noko vi ikkje er tilfreds med.

skuleforberedande aktivitetar og språkutvikling. Dette kjem mykje av dårlege resultat på ei enkelt avdeling der vi har vore klar over at det har vore store utfordringar i barnegruppa og vi har kjent på at det er for lite ressursar i høve utfordringane. Vi er glade for framleis svært gode resultat på respektfull behandling og personalets si kompetanse og omsorg for barnet. Svarprosenten er 51, noko vi ikkje er tilfreds med.

Utfordringar framover

- Fordeler barnehageplassane i kommunen. Stor innsoking av småbarn, gjer at fleire ikkje får plass i den barnehagen dei helst ynskjer.
- Møte stadig auka krav om læring, og på same tid ivareta leiken og barn sin trivsel.
- Småbarnsavdelingane, noko som skaper utfordringar spesielt i høve plass til stell og soving.
- Stor auke i flyktning/minoritetsspråklege barn i barnehagen. Treng ressursar og kompetanse til å følge opp desse, spesielt i høve språkstimulering.

Frå Loar barnehage si sirkusframsyning

Miljø, teknisk, næringOppgåver og ansvar

Tenesteområdet har ansvar for planarbeid, miljø- og naturforvaltning, næringsutvikling, landbruksforvaltning, geodataforvaltning, generell beredskap

og renovasjon, vaktmesterteneste, reinhald, byggesakshandsaming, kart- og geodataforvaltning, generell beredskap og førebygging mot

naturskade og ulykker. Både «Inn på tunet» og «Lom nasjonalparklandsby» er avslutta som prosjekt og er no over i ei driftsperiode.

Mål og resultatstyringMåloppnåing

Tenesteområdet Miljø, teknisk, næring er prega av eit godt tverrfagleg samarbeid. Dei ulike fagområda og tenestene innanfor området har til saman ei fagleg breidde som gjer det mogleg å oppfylle målsettingane om eit godt tenestetilbod knytt til ressursforvaltning i ein liten kommune.

I juni 2015 vedtok formannskapet planprogram for revidering av kommuneplanen. Framlegg til revidert samfunnssdel til kommuneplanen var sendt ut til offentleg ettersyn på seinhausten 2015. Samtidig vart det kunngjort oppstart av arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel.

Brukarundersøkingane har gjennom ei årrekke stadfestat god kvalitet på byggesaksbehandling, kommunaltekniske tenester, vatn og avlaup, vaktmestertenester og reinhald.

Den kommunale planstrategien er eit dokument som viser kommunen sitt planbehov innan samfunnsutvikling og arealbruk, og som skal reviderast kvar kommunestyreperiode. Ny planstrategi skal vedtakast innan eit år etter konstituering av det nye kommunestyret, dvs. i løpet av hausten 2016.

Stillinga som kommunalsjef på MTN er framleis ikkje tilsett i, og administrasjonssjef Ola Helstad har hatt leiaransvaret for MTN i 2015. Trine Solberg Johansen vart tilsett som ny arealplanleggjar i april.

Arbeidet for ei berekraftig arealforvaltning og framtidsretta stadutvikling er godt forankra. Det er likevel utfordrande å legge til rette tilstrekkeleg areal for ny utbygging, både for næringsutvikling og for bustadbygging. Sjå elles eige kapittel om næringsutvikling tilleggare i årsmeldinga.

Nasjonal skredfarekartlegging viser at store deler av busetnaden i Lom kommune ligg innanfor aktsemdosområde for snøskred, jord og flomskred. Dette set store krav både til dokumentasjon av tryggleik mot skred frå den enkelte

sökjar og tiltakshavar, og til kommunen si saksbehandling i byggesaker.

Økonomiske rammer til tilfredsstillande drift- og vedlikehald av den kommunale bygningsmassen og kommunale vegar har vore, og vil bli ei utfordring. Tronge økonomiske rammer fører til auka etterslep innan vedlikehald.

Handlingsprogram for oppgradering av kommunale vatn- og avløpsanlegg må gjennomførast for å oppretthalde forsyningssikkerhet og kvalitet på tenestene.

Kart- og oppmålingsavdelinga har stor grad av måloppnåing men har ikkje kome i mål med digitaliseringa av turrutar som planlagt. Opprettninga av det regionale geodatasamarbeidet gir stor avkasting på fleire felt, til dømes effektivisering av arbeidsoppgåver både lokalt og på tvers av kommunegrensene, og ikkje minst knytt til kompetanseheving og utveksling.

Det at det ikkje er tilsett kommunalsjef for MTN fører til at ansvar som var tenkt lagt til leiar blir fordelt på andre medarbeidarar. Det er og utfordrande for administrasjonssjef å følgje opp leiaransvaret slik det er ynskt.

Målekart og kommentarar

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Miljø, teknisk, næring | | | |
|-----------------|--------------------------|--|---|----------|------------------------|----------|
| | | | Noreg | | Miljø, teknisk, næring | |
| | | | Res 2015 | Res 2014 | Mål 2015 | Res 2015 |
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Resultat for brukarane, byggjesak | 4,3 | 5,0 | 5,0 | 5,0 |
| | | Generell oppleveling av kvalitet, byggjesak | 4,5 | 5,0 | 5,0 | 5,1 |
| | | Resultat for brukarane, vasskvalitetet og vasstrykk | 4,9 | 5,5 | 5,0 | 5,3 |
| | | Resultat for brukarane, funksjon på avlaupssystemet | 5,2 | 5,3 | 5,0 | 5,6 |
| | | Resultat for brukarane, vatn og avlaup tillit og respekt | 5,2 | 5,5 | 5,0 | 5,5 |
| | | Resultat for brukarane, vatn og avlaup, service og tilgjenge | 4,5 | 4,9 | 5,0 | 5,1 |
| | | Resultat for brukarane, vatn og avlaup, informasjon | 4,5 | 4,9 | 5,0 | 4,7 |
| | | Renhaldstenesta leverer tjenester av god kvalitet | 4,8 | 4,7 | 5,0 | 5,3 |
| | | Vaktmestertenesta leverer tjenester av god kvalitet | 5,2 | 4,9 | 5,0 | 5,4 |
| | | Vaktmestertenesta tydeleggjer kva for tenester eg kan få | 5,0 | 5,0 | 5,0 | 5,3 |
| | | Målt kvalitet | Andel vassprøver som tilfredsstiller krav i forskrift | 100,0 | 100 % | 99 % |
| | | Andel avlaupsprøver som tilfredsstiller krav i forskrift | 99 % | 100 % | 99 % | |
| Ressurs-styring | Avklaring av forventning | Andel tenestestader med serviceerklæring | 15 % | 50 % | 15 % | |
| | | Sjølvkostrekneskap vatn, dekningsgrad | 100 % | 100 % | 100 % | |
| | | Sjølvkostrekneskap avlaup, dekningsgrad | 100 % | 100 % | 100 % | |
| | | Sjølvkostrekneskap renovasjon, dekningsgrad | 100 % | 100 % | 100 % | |
| | | Sjølvkostrekneskap feiing, dekningsgrad | 100 % | 100 % | 100 % | |

Økonomi:

Det har vore eit betydeleg overforbruk innan oppvarming av kommunale bygg, på grunn av m.a. overgang frå oppvarming med elektrisk varme til oppvarming med biovarme og store utfordringar knytt til det gamle varmeanlegg ved Lom helseheim. Mot årets budsjett vart det bede om kr. 200 000,- eks. mva for ein gjennomgang

av varmeanlegget med automatikk ved Lom helseheim og oppgradering av desse.

Kommunale vegar hadde eit overforbruk på omkring kr. 300 000. Årsaka er primært vêrtilhøve vinteren 2014/2015, samt tiltak med utskifting av stikkrenner – grøfting for å unngå vidare vannskader på veganlegg.

Det er avtale om tenestekjøp frå Vågå kommune, landbrukskontoret, som erstatning for redusert stillingsressurs innan landbruk. Dette førte til meirforbruk på omkring kr 200.000. Kommunen har vald å ikkje tilsette i stillinga som kommunalsjef MTN. Dette er grunngjeve med innsparing i

Nokre nøkkeltal

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|--|-------|-------|------|------|------|------|------|
| <u>Talet på tilsette</u> | | | | | | | |
| I kommunehuset (Midtgard) | 9 | 9 | 10 | 9 | 9 | 9 | 9 |
| Utanfor kommunehuset (Midtgard) | 23 | 24 | 23 | 24 | 24 | 23 | 20 |
| I prosjektstillingar | 1 | 1 | 1 | 0 | 2 | 2 | 1 |
| <u>Sakshandsaming</u> | | | | | | | |
| Journalpostar (inn- og utgåande post) | 2 279 | 2 140 | 2207 | 2237 | 2543 | 2243 | 2511 |
| Talet på byggjesaker | 91 | 105 | 67 | 52 | 98 | 78 | 83 |
| Talet på vedtekne kommuneplanar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 |
| Talet på vedtekne reguleringsplanar | 1 | 0 | 4 | 1 | 2 | 1 | 1 |
| Talet på matrikkelbrev | 39 | 14 | 16 | 22 | 18 | 36 | 48 |
| Talet på jordlovssaker og konsesjonssaker | 14 | 14 | 8 | 4 | 5 | 8 | 5 |
| Brukbarar som søker produksjonstilskot - to omganger | 143 | 151 | 157 | 149 | 146 | 144 | 139 |
| Brutto produksjonstilskot (tal i millionar kroner) | 31 | 33,6 | | 37,7 | 38,9 | 39,2 | 38,5 |
| Regionale miljøtilskot (tal i milionar kroner) | 1,6 | 1,6 | 1,6 | 1,8 | 1,9 | 2,2 | 2,3 |
| Talet på gardskart med rettingar | 30 | 20 | <10 | <10 | 10 | 8 | 15 |
| Søknadar om dispensasjon for motorferdsel i utmark | 16 | 25 | 20 | 18 | 18 | 14 | 11 |
| <u>Drift av kommunaltekniske anlegg:</u> | | | | | | | |
| Talet på anlegg for kommunal vassforsyning | 4 | 4 | 4 | 5 | 5 | 5 | 5 |
| <u>Talet på kommunale reinseanlegg</u> | | | | | | | |
| Talet på innbyggjarar knytt til kommunalt avlaupsnett | 1 200 | 1 210 | 1210 | 1216 | 1200 | 1200 | 1200 |
| Talet på innbyggjarar ikkje knytt til kommunalt avlaup | 1 205 | 1 200 | 1207 | 1201 | 1164 | 1164 | 1164 |

Utfordringar framover

- Oppgåvetilfanget er på mange område større enn det dei tilsette har moglegheit til å ta unna, noko som fører til sterkt prioritering av oppgåver
- Avgrensa tid og ressursar gjer det utfordrande å få prioritert kompetanseheving
- Sårbart med eit lite fagmiljø med eit breitt spekter av oppgåver. Uforutsette fråver gjer MTN svært sårbare i høve oppgåveløysinga som er forventa. God samhandling og oppgåvedeling må så langt som råd nyttast for å forebygge dette
- Å legge til rette for nye innbyggjarar og behov for vedlikehald skapar utfordringar som krev langsiktig innsats på ulike fagområde. Ledige butikklokale i sentrum og tilgang på nye attraktive næringstromter er ei mangelvare og gjer det vanskelegare å tiltrekke seg nyetableringar
- Oppfølging og ferdig vedtak av kommunedelplan for avløp, saman med gjennomføring av store utbyggingsprosjekt som renovering av reinseanlegga i Garmo og på Leirmo skal gjennomførast i kommunal regi dei nærmaste åra med medverknad frå tenesteeininga. Det vil vere utfordrande å gjennomføre dette arbeidet ved sidan av dei ordinære drifts- og forvaltningsoppgåvene.
- Stadig aukande bygningsmasse og behov for vedlikehald skapar utfordringar for vaktmestertenesta og reinhaldspersonalet
- Etter kartlegging av område med skredfare i kommunen er det behov for gjennomføring av sikringstiltak i framdrift i arbeidet med revisjon av kommunens overordna planverk og arealplanar.

Helse og velferd

Oppgåver og ansvar

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester. Dette omfattar alle pasient- og brukargrupper, herunder personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne (Jfr. helse- og omsorgsloven § 3-1).

Mål og resultatstyring

Måloppnåing

Barnevern

Brukarundersøking gjennomført for barnevernstenesta i 2015, men vi fekk inn for få svar til at resultatet kan nyttast (Skjåk kommune vertskommune).

Økonomisk sosialhjelp

Mottakarar av økonomisk sosialhjelp – ikkje gjennomført brukarundersøking i 2015 (Skjåk kommune vertskommune frå juni-2014).

Psykisk helsearbeid – felles teneste med Skjåk – Lom er vertskommune

Gjennomført brukarundersøking att i 2015 (i 2014 for få svar). Resultat for 2015 er betre enn målet på 2 av 3

Økonomi

Kommentar til dei største avvika i høve budsjett 2015;

Nav - Totalt sett eit overforbruk i høve budsjett på ca. 1,5 mill. Av dette er ca. 1 mill. i overforbruk økonomisk sosialhjelp.

Barnevern – Totalt sett eit underforbruk i høve budsjett på ca. 1 mill. Av dette utgjer mindre utgifter til fosterheimspllasseringar ca. 600.000.

Flyktningstenesta – Totalt sett eit overskott på ca. 3 mill. Av dette utgjer integreringstilskott for busette flyktningar og familiegenforeningar ca. 2,6 mill. i meirinntekter i høve budsjett.

Etter Folkehelseloven:

Kommunen skal fremje befolkninga si helse, trivnad, gode sosiale og miljømessige forhald og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, bidra til utjamning av sosiale helseforskellar og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.

Kommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemedlar

kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.

Kommunen skal medverke til at helsemessige omsyn blir ivaretake av andre myndigheiter og verksemder. Medverknnad skal skje blant anna gjennom råd, uttaler, samarbeid og deltaking i planlegging. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med friviljug sektor (Jfr. Folkehelseloven § 4).

Skulehelsetenesta

Ny undersøkelse i år – snitt totalt litt over landssnittet.

Ergoterapi

For få svar til å brukast.

Fysioterapi

Resultatet i 2015 er likt eller betre enn mål 2015 og likt eller over landssnittet.

Medarbeidarundersøkinga

Resultatet i 2015 under mål 2015 på halvparten av spørsmåla, likt eller over mål på den andre halvparten. Desidert lågast score på fysisk arbeidsmiljø – vore slik i mange år – årsak helsecenteret.

eit spørsmål (I kor stor grad opplever du at tenesta bidreg til at du får eit meir aktivt liv?), medan det er litt under målet på 2 spørsmål (I kor stor grad behandler dei tilsette deg med respekt?) og (I kor stor grad opplever du at tenesta bidreg til auka tryggleik?) På alle dei andre spørsmåla er resultatet som landssnittet.

Helsestasjon:

Resultatet i 2015 er betre enn i 2014. Det var også tilfelle i 2014 i høve 2013. Vi antyda i fjar at dei grepa/tiltaka som vart gjort etter gjennomgang av undersøkjinga i 2013 hadde verka. Resultatet i år understrekar dette og at det er ei god utvikling av brukartilfredsheita.

Målekart og kommentarar

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Helse og velferd | | | |
|------------------------------|-----------------------|---|---|---------|---------|-----------|
| | | | Lom res | Lom mål | Lom res | Noreg res |
| 2014 | 2015 | 2015 | 2015 | | | |
| barnevern | kvalitet | I kor stor grad opplever du at dei tilsette i barnevernstenesta behandler deg med respekt? | For få svar i 2014. | | | |
| | | Kor fornøyd er du med moglegheita for å få kontakt med barnevernstenesta (tlf./fysisk oppmøte/epost)? | Ikkje gjennomført brukarundersøking i 2015 | | | |
| | | Barnevernstenesta tek omsyn til dine ynskjer og behov | | | | |
| | | Barnevernstenesta gjev meg nok informasjon | | | | |
| | | Barnevernstenesta tek deg på alvor | | | | |
| | | Alle løvpålagte fristar skal holdast | | | | |
| | | Alle saker har sluttrapport etter endt undersøking | | | | |
| | | Alle barn har ein aktiv tiltaksplan | | | | |
| | | Barne- og fam.verngruppa besøkje alle barnehagar og skular i året | | | | |
| Brukarar psykisk helsearbeid | Opplevd kvalitet | I kor stor grad opplever du at tenesta bidreg til at du får eit meir aktivt liv | 3,9 | 3,6 | 3,6 | 3,6 |
| | | I kor stor grad opplever du at tenesta bidreg til auka tryggleik? | 3,5 | 3,6 | 3,5 | 3,5 |
| | | I kor stor grad behandler dei tilsette deg med respekt? | 4,0 | 4,0 | 3,8 | 3,8 |
| Brukarar sosial | Opplevd kvalitet | På grunn av for få svar på brukarundersøkinga kan ikkje resultat gjerast offentleg | Ikkje gjennomført brukarundersøking i 2014 og 2015 var Skjåk vertskommune | | | |
| | | I kor stor grad føler du at du kan ta opp vanskelege tema med dei tilsette på helsestasjonen? | 4,6 | 4,5 | 4,9 | 4,9 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette møter deg og barnet ditt med vennlegheit og respekt? | 5,5 | 5,3 | 5,4 | 5,4 |
| | | Korleis opplever du moglegheita for å få kontakt med helsestasjonen (telefon, fysisk oppmøte, e-post o.l.)? | 5,0 | 4,7 | 5,0 | 5,0 |
| Brukarar ergoterapi | Opplevd kvalitet | I kor stor grad tykkjer du at du har fått det betre med det du trengte hjelp til? | For få svar | | | |
| | | I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette behandlar deg med respekt? | | | | |
| | | I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få ergoterapi er akseptabel? | | | | |
| | | I kor stor grad tykkjer du at du har fått det bedre med det du trengte hjelp til? | 5,1 | 4,8 | 4,7 | 4,7 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette behandlar deg med respekt? | 5,8 | 5,6 | 5,7 | 5,7 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få fysioterapi er akseptabel? | 4,8 | 4,6 | 4,3 | 4,3 |

Skulehelsetenesta:

Ny undersøkelse i 2014 – snitt totalt litt over landssnittet. I 2015 er det for få svar til at resultatet kan brukast.

Ergoterapi:

Resultatet i 2015 litt under målet på to spørsmål (I kor stor grad tykkjer du at du har fått det betre med det du trong hjelp til?) og (I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få fysioterapi er akseptabel?), men over målet på spørsmålet (I kor stor grad stor grad behandler dei tilsette deg med respekt?). Resultatet i 2015 ligg i snitt litt under landssnittet.

Utfordringar framover

Rekneskapstal for 2015 viser at utnyttinga av dei intermediære sengeplassane er høg (91 %) – fordelinga mellom kommunane: Sel 47%, Vågå 31%, Lom 6%, Skjåk 5%, Dovre 2%, Lesja 0%. Det knyter seg spenning til kva som vil koma ut av prosessen mellom SI og kommunane i regionane Valdres og Nord-Gudbrandsdal om utvikling av dei distriktsmedisinske sentra på Fagernes og Otta. Gruppa som har delekte for vår region har m.a. peikt på at bruk av innovative løysingar knytta til E-helse og telemedisin er ein føresetnad for god samhandling/ at det bør vera ein struktur for kompetansehevande tiltak og gjensidig erfaringsutveksling (hosptering sordninga, videokonferanser, gjennomføring av lærings- og mestringsteenester mm)/ at det ved vurdering av desentralisering (poliklinikk), må ein i pasientgrunnlaget ta med dei som pr. i dag blir henvist til privatpraktiserande spesialistar (ikkje minst øre-nese-hals, urolog, øye, hud, kardiolog). Gruppa meiner at data fra Nord-Fron bør inkluderast i berekningane.

Husten 2015 vart det på nytt lagt fram eit forslag til endring av regional legevakt til behandling i kommunane (kutte ut bakvaktene i Lom/Skjåk og Lesja/Dovre og heller ha ei bakvakt/sekundærvakt i heile regionen). Kommunestyra i alle kommunane i regionen vedtok den nye legevaktordninga som skal setjast i verk i april 2016. Ordninga skal evaluerast innan eitt år etter tidspunkt for endring, deretter når minst ein kommune ber om

det.

Regional kreftkoordinator som kom i gang i 2014 og som i stor grad har vore finansiert av prosjektmidlar frå Kreftforeningen har ført til at kreftpasientane har fått ei betre omsorg ved at tenestane/kreftkontaktene via kreftkoordinator har fått høgda si kompetanse på området. av kreftomsorgen i regionen. Det blir nå utarbeidd eit forslag til handlingsplan for kreftomsorg som ledd i evaluering av ordninga.

Felles koordinerande eining (KE) og tildelingskontor saman med Skjåk kom på plass i mars 2015. Det har vore kapasitetsutfordringar på slutten av året på grunn av ein del fråvær og at ressursjennomgangen som Lom hadde innan pleie- og omsorg og dei påfølgjande innstrammingane medførte mykje meirarbeid for tildelingskontoret.

I årsmeldinga for 2013 skrev vi; Samhandlingsreformen og Lom kommune har også dette året greid utfordringa med å ta attende ferdigbehandla pasientar frå sjukhuset. Betalte heller ikkje noko til sjukhuset for ferdigbehandla pasientar dette året. I 2015 vart det busett 19 flyktningar (2 over godkjent kvote – som forskott på 2016). I tillegg kom det 7 som familiegjenforening, slik at det totalt kom 26 flyktningar til Lom i 2015.

Kommunestyret i Lom vedtok i 2015 å busetja 15 flyktningar kvart år også i 2016 og 2017 – derav 5 einslege mindreårige kvart av åra. Å skaffe språkpraksisplassar

er ei av dei største utfordringane i arbeidet med å integrere flyktningane.

Arbeidet med detaljprosjektering av nytt helsecenter starta i mai-2014. Prosjekterande firma frå Estland viste seg å ikkje tilfredsstille krava til leveransen og kontrakta vart difor terminert og prosjekteringen vart lyft ut på nytt anbod. Nytt firma – Norconsult – starta arbeidet i januar-2016 og skal vera ferdige 25.04.2016. Dette vil da vera grunnlag for utlysing av eit totalprosjekt og bygging er planlagt igangsett 01.09.2016.

Bygging av ny ambulansestasjon kom i gang i januar og skal vera ferdig i juni-2016.

Bygging av 2 nye bustader til flyktningar/ vanskelegstilte som etter planen skulle vore i gang hausten 2015 og var planlagt ferdige i mars-2016, kom ikkje i gang før februar-16 og skal vera ferdige i juli-2016.

I årsmeldinga for 2013 skrev vi; Helseyster/helsestasjon si oppleving av at stadig fleire barn og unge har behov for oppfølging på grunn av psykiske lidingar er signal som må takast på alvor.

Stoda 1 år etterpå var uendra; Trass i sterke statlege føringar og auka ressursar inn i rammeoverføringa både i 2014 og 2015 fekk ikkje helsestasjon auka ressursar korkje i 2014 eller i 2015.

Stoda ved årsskiftet 2015/2016 var også uendra.

Pleie og omsorg

Oppgåver og ansvar

Lom helseheim skal yte heildøgns pleie- og omsorg ved langtids-, korttids-, rehabiliterings- eller avlastningsophald. Tenestene vert tildelt etter BEON-prinsippet. Til grunn for tildeling, ligg individuell kartlegging og tverrfagleg vurdering. Under opphaldet, får pasientane tilbod om legerilsyn, tannlegetilsyn, aktivisering og sosiale- og kulturelle tilstelningar.

Kjøkenet lagar næringsrik mat til pasientar i institusjon, til pasientar på bygda som har fått tildelt matombringning og til kantinen på Lom helseheim og Lom ungdomsskule. Pasientkleda vert vaska i eige vaskeri.

Mål og resultatstyring

Måloppnåing

Vi fylgjer BEON-prinsippet i tildeling av tenester, jf. Omsorgsplan for Lom kommune 2011-2020, der det skal vera tydeleg fram eit bilete som viser at Lom kommune fram mot 2020 må «koma i toppform» for å vera i stand til å møte dei utfordringane som da vil koma – jf. tal om folketalsutvikling i Lom med m.a. stor auke i 80+. Det vart utarbeidd ein framdriftsplan for omstillingarbeidet.

Da Lom kommune ikkje har eit differensiert tenestetilbod og manglar trinn i omsorgstrappa, kan det verta tildelt tenester på for høgt omsorgsnivå. Sjølv om ein har tildelingskontor, vil denne utfordringa vere den same fram til ein har fått ei dreining av tenestene frå ei institusjonsbasert teneste til heimebaserte tenester og fleire trinn i omsorgstrappa.

Helse og velferd og pleie- og omsorgssektoren tok initiativ til og gjennomførde hausten 2015 ein drifts- og ressursjennomgang ved hjelp av ekstern konsulent. Det har lenge vore eit erkjent faktum at Lom kommune har for høg ressursbruk innan pleie- og omsorg. Det har vore kjent lenge at ressursbruken i institusjonsbaserte tenester er altfor høg og at det er både ynskje og behov for å vri ressursbruken frå institusjonsbasert teneste til heimebaserte tenester. I tillegg, er det eit kjent faktum at Lom kommune manglar steg i omsorgstrappa – heildøgns omsorgsbustadar. Alt dette, kom enda tydlegare fram i konsulenten sin rapport etter arbeidsverksstaden som var gjennomført i lag med tenesteområda.

Miljøarbeidartenestene skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får nødvendige helse- og omsorgstenester som helsetenester i heimen, personleg assistanse, praktisk bistand og opplæring, individuell plan, omsorgsløn, støttekontakt og avlastningstiltak til personar og familiar med særleg tyngjande omsorgsarbeid. Tenesta har i tillegg ansvar for Lom Arbeidssenter som gjev arbeids- og aktivitetstilbod til menneske med ulike bistandsbehov. Til grunn for tildeling, ligg individuell kartlegging og tverrfagleg vurdering. Heimetenestene (heimesjukepleia og heimehjelpene) skal bidra til at eldre

og personar med funksjonssvikt kan få bu og virke i eigen heim så lenge det er fagleg forsvarleg. Heimetenestene gjev tilbod om helsehjelp og praktisk hjelpe i heimen i tillegg til dagsentertilbod for heimebuande personar med demenssjukdom, tryggleiksalarm og matombringning. Til grunn for tildeling, ligg individuell kartlegging og tverrfagleg vurdering.

Pleie- og omsorgssektoren har personar på språkpraksis og har kvart år undervisning/opplæring for elevar, studentar og lærlingar som har praksis i sektoren.

november 2015.

8. Oppstart prosess for utarbeiding av kvalitetsstandardar for pleie- og omsorgstenestene i Lom kommune, hausten 2015.

9. Oppstart prosess for å vurdere bustadmasse i PO, bustadgruppa starta arbeidet 07.12.2015

10. Prosess med utarbeiding av demensplan for Lom, oppstart for skriveprosess 07.09.2015.

11. Nye reglar for avspassing iverksett frå 01.01.2016

Fordi kommunen har stor kapasitet på institusjonsplassar og sjukepleiarar på alle vakter i institusjon, har ein stor sett gjennom heile året hatt ledig kapasitet på institusjonsplassar og stort sett teke i mot ferdigbehandla pasientar frå sjukhus. Ein stor del av pasientane ved Lom helseheim har omfattande pleiebehov og fleire har demenssjukdom. Dette er krevjande både med omsyn til å ha nok personell og kompetanse. Flaskehalsar for fagleg drift i sektoren er leiatettleik, sjukefråver, helg, høgtider og feriar. Tilgangen til kvalifisert personell er utfordrande heile året og tilgangen til fysioterapeut, ergoterapeut og lege er redusert/manglar under helg-, høgtids- og ferieavvikling. Vi har nytta vikarar frå vikarbyrå for å greie forsvarleg drift.



Oversikt frå tenesteområda

- I 2015 var aktiviteten ved Lom helseheim slik:
- 4 avlastningsopphald
 - 56 korttidsopphald
 - 14 akuttinnleggingar frå legevakt
 - 13 korttidsopphald LMS
 - 5 rehabiliteringsopphald
 - 15 langtidsopphald

For institusjonen har talet på korttidsopphald auka i 2015 samanlikna med året før og talet på langtidsopphald har gått ned. Talet på korttidsopphald ved NGLMS har auka betrakteleg siste

Målekart og kommentarar

Fokus-område

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg Heimebasert omsorg | | | |
|-----------------|-----------------------|--|--------------------------|-------------|-------------|-------------|
| | | | res 2015 | Res 2014 | Mål 2015 | Res 2015 |
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Eg får den hjelpa eg treng slik at eg kan bo heime | 5,3 | 6,0 | 5,5 | 5,8 |
| | | Dei tilsette veit kva dei skal gjere når dei kjem heim til meg | 5,2 | 5,4 | 6,0 | 5,8 |
| | | Eg veit kva som står i vedtaket mitt | 4,5 | 5,5 | 5,9 | 4,7 |
| Brukarar | Målt kvalitet | Det tok kort tid frå eg søkte om hjelp til eg fekk det. | 5,1 | 5,7 | | 5,6 |
| Ressurs-styring | Prioritering | Tenester til heimebuande sin andel av netto driftsutgifter til pleie og omsorg | | | 45,0 % | |
| Medarbeidrarar | Opplevd kvalitet | Sjukefråvær korttid | 4,6 % | 3,0 % | 3,2 % | |
| | | Sjukefråvær langtid | 8,9 % | 5,0 % | 6,6 % | |

Fokus-område

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg Institusjonsbasert omsorg | | | |
|-----------------|-----------------------|--|---------------------------------|-------------|-------------|-------------|
| | | | res 2015 | Res 2014 | Mål 2015 | Res 2015 |
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Eg får legehjelp når eg treng det | 4,8 | 5,8 | * | |
| | | Eg får smertelindring ved behov | 5,8 | | * | |
| | | Eg trivst saman med dei tilsette | 5,9 | | * | |
| | | Eg får stå opp når eg vil | 5,4 | 5,9 | * | |
| | | Mi verdigkeit blir i vareteke | 5,6 | | * | |
| | | Eg er fornøgd med kultur/underhaldningstilbodet | 5,1 | 4,7 | * | |
| | | Eg har moglegheit til å koma ut i frisk luft | 5,1 | 5,2 | * | |
| Ressurs-styring | Prioritering | Plassar i institusjon i prosent av mottakarar av pleie- og omsorgstenester | 25,9 % | 22,5 % | 22,5 % | |
| Medarbeidrarar | Opplevd kvalitet | Legetimar pr.veke pr. pasient i sjukeheim | 0,58 | 0,58 | 0,51 | |
| | | Sjukefråvær korttid | 2,1 % | 3,5 % | 3,2 % | |
| | | Sjukefråvær langtid | 3,6 % | 6,0 % | 4,4 % | |

*) Ikke gjennomført undersøkelser for 2015

Pleie og omsorg

Attende til innholdslista

For institusjonstenesta er sjukefråveret i 2015 slik:

Korttidsfråveret: 3,2 %

Langtidsfråveret (meir enn 17 dagar som er arbeidsgjevarperioden): 4,4 %

For institusjonstenesta, har det totale sjukefråveret gått litt opp.

For heimetenestene er sjukefråveret i 2015 slik:

Korttidsfråveret: 3,2 %

Langtidsfråveret (meir enn 17 dagar som er arbeidsgjevarperioden): 6,6

For heimebaserte tenester, har sjukefråveret gått ned.

Økonomi

Sett heile pleie- og omsorg under eitt, har vi ei overskridning på kr. 460 000. Det var for 2015 lagt inn kr. 3 mill i rammeredeksjon i budsjettet i

institusjonen.

Institusjonsbaserte tenester har ei overskridning i år på kr. 1,8 mill, av dette

er kr. 449 000 overskridning på drift av bygningsmassen. Meirforbruk i høve til budsjett på straumutgifter/biovarme var kr. 367 000.

Heimebaserte tenester har ei innsparing på i overkant kr. 1,3 mill.

Den største innsparinga var i miljøarbeidartenesta på kr. 1,5 mill

Læring og fornying i pleie – og omsorg

I 2015 vart Lom og Skjåk Tildelingskontor starta. Tildelingskontoret handsamar alle søkerane om pleie- og omsorgstenester og fattar vedtak i samråd med søker, pårørende og tenestene.

Lom helseheim deltek i SAM-AKS-prosjektet som er eit samarbeidsprosjekt med spesialisthelsetenesta i høve til personar med demenssjukdom. Prosjektet omhandlar også forsking. Vi har gjennom prosjektet fått undervisning i demenssjukdomar, regelverk, kartlegging, haldingsplanar og pasientretta rettleiing frå spesialisthelsetenesta. Deltaking i prosjektet bidreg til kvalitets- og kompetanseheving og bidreg difor til eit betre tilbod til pasientar med demenssjukdom og deira pårørende.

Miljøarbeidartenesta samarbeider tett med habiliteringstenesta.

Alle tilsette i pleie- og omsorgssektoren nyttar e-læring aktivt som kompetansefremjande tiltak.

Alle tilsette nyttar kvalitetsportalen på intranett og dei fleste avviksmeldingar går digitalt.

Møtereferat vert lagt i referatsamling for pleie- og omsorgssektoren på intranett.

Fleire avdelingar nyttar web-portal som er eit verkty for ressursstyring og det er eit mål at alle avdelingane skal bruke dette verktyet.

Sjukepleiarane nyttar elektronisk meldingsutvekslingi kommunikasjon med spesialisthelsetenestene og andre kommunar.

Heimesjukepleia har fått stillerom med verktøy for å kunne nyttja storskjerm i samband med rapportar og undervisning.

Institusjonen har nyttja storskjerm i fellesareal med oppdatert informasjon til bebarane, besøkjande og tilsette.

Lom helseheim innførde multidose i februar 2015 som tiltak for å heve kvaliteten på legemiddelhandteringa, i vareta pasienttryggleik og frigje sjukepleietid. Heimetenestene starta prosessen med innføring av multidose hausten 2015, med målsetjing om oppstart tidleg i 2016.

Dei fleste innkjøpa i sektoren vert gjort digitalt.

Administrasjonen har så smått starta opp med tidsregistrering gjennom winter, men systemet er ikkje helt komplett

Pleie og omsorg

og kjem i hovudsak frå løn og auke i sjukepenge og refusjon frå staten.

I heimesjukepleia var det eit overforbruk på kr. 950 000, som skuldast utfordringar i tråd med intensjonen i Samhandlingsreforma. Slike uforutsette utgifter vil truleg auke i åra som kjem.

enda.

Lom og Skjåk kommunar samarbeider om prosjektet undervisningsheimetenester og har tilsett ein koordinator i 50% stilling frå mars 2016. Fokusområda for UHT Lom og Skjåk er demens, legemiddelgjennomgang og velferdsteknologi.

Lom helseheim har gjennom gavemidlar kjøpt inn Motiview som er ein treningssykkel som er kopla til film. Motiview er eit motivasjonsverktøy som stimulerar eldre og personar med demens til auka fysisk aktivitet. Ved hjelp av levande bilet og lyd, kan brukaren dra på sykkeltur i kjende omgjevnader og barndomsminne.

Prosessene med utarbeiding av demensplan for Lom kommunen og Kvalitetsstandardar for pleie - og omsorgstenestene i kommunen starta opp hausten 2015.

Ei bustadgruppe har sett på kva avdeling på Lom helseheim som skal leggjast ned og kvar nye heildøgs omsorgsbustadar skal byggjast.

Brukarundersøkingar

Institusjon - pårørende

Svarprosent pr. 31.03.2016: 32 % (10 svar av 31 planlagde svar).

Svarprosenten er framleis låg, men har gått opp litt sidan 2014 (26%).

Det var berre barn av bebarane som svara.

Tilfredsheita i snitt for pårørende ligg over snittet for Norge for dimensjonane trivsel, respektfull behandling og heilsakpsvurdering. Tilfredsheita i snitt for pårørende ligg under snittet for Norge for dimensjonane resultat bebar, brukarmedverknad, tilgjengelegheit, informasjon og snitt totalt.

Ut frå resultata i undersøkinga, blir

fokusområde for forbeting i 2016 dimensjonane brukarmedverknad og informasjon.

Institusjon - bebuarar

Det vart ikkje gjennomført bebuarundersøking i 2015.

Heimehjelpe - brukar

Svarprosent pr.31.03.2016: 25 % (16 svar av 65 planlagde svar).

Svarprosenten er låg.

Tilfredsheita i snitt for brukarane ligg over snittet for Norge for alle dimensjonane, også snitt totalt.

Det har ikkje vore gjennomført brukarundersøkingar i 2015.

Heimesjukepleia - brukarar

Svarprosent pr. 31.03.2016: 12 % (10 svar av 83 planlagde svar).

Svarprosenten er låg.

Tilfredsheita i snitt for brukarane ligg over snittet for Norge for alle dimensjonane, også snitt totalt.

Det har ikkje vore gjennomført brukarundersøkingar i 2015.

Utfordringar framover

- Liten kontinuitet i turnus. Nye turnusar skal utarbeidast i heimesjukepleia og institusjon. Turnusane skal ha fokus på brukarbehev, oppgåver, kontinuitet, kvalitet og fleksibilitet heile døgnet. Nytt personalressursane mest mogleg effektivt og fagleg på alle vakter. Strukturere arbeidstid slik at ein kan fastleggje fagtid/møtetid i turnus i institusjon og heimesjukepleia.
- Fleksibilitet i tenestetilbodet.
- Følgje intensjonen i samhandlingsreforma; kommunane får ansvar for pasientar med omfattande pleiebehov (komplekse behandlingsopplegg som t.d. dialyse, smitte, intravenøsbehandling, palliasjon, demenssjukdom med psykiatrisk tilleggsproblematikk, rus og psykiatri).
- Tildelingskontor; utfordring i høve til ressursar og kontinuitet.
- Tildele tenester etter BEON-prinsippet. Kommunen manglar eit differensiert tenestetilbod. Dette gjer at pasientar kan få tildelt tilbod på for høgt og dyraste omsorgsnivå. Ei dreiling frå institusjonsbaserte tenester til heimebaserte tenester med fleire ledd i omsorgstrappa vil kunne føre til at pasientar får tilbod på rett omsorgsnivå.
- Større leiartettleik; krevjande å vera leiatar i sektoren i høve til storleik, lovkrav, personaloppfølging/-utfordringar, døgnkontinuerleg drift og pasientutfordringar, kvalitetskrav.
- Stort kompetansebehov i sektoren; vidaregåande nivå og høgskuleutdanna; m.a. geriatri og demens, rehabilitering, miljøbehandling, IKT.
- Vanskar med å rekruttere kompetanse i vikariat og faste stillingar, og å vedlikehalde kompetanse, fleksibilitet.
- Fråver.
- Bygg.
- Økonomi.
- Funksjonsinndeling av institusjon.
- Reduksjon i talet på institusjonsplassar.
- Manglar differensiert tilbod – omsorgstrapp. Manglar heildøgns omsorgsbustader for eldre og ungdomar og tilrettelagde bustader i miljøarbeidartenesta.
- Opprette demensteam
- IKT; oppfølging, utstyr, nettverk
- Velferdsteknologi; økonomi, tilgang, nettverk. Stort behov for nye tryggleiksalarmer.
- Auke i talet på eldre med demenssjukdom og komorbiditet, samt alderssamansetjing generelt frå 2020. Færre i arbeidsdyktig alder (2030), obs utfordringar innan folkehelsa i LOM
- Utvide dagsentertilbod for heimebuande med demenssjukdom.
- Gode arbeids- og aktivitetstilbod for yngre personar med ulike bistandsbehov.
- Gode avlastningstilbod.
- Nok fagtid til tverrfagleg samarbeid, internkontroll, dokumentasjon, kvalitetssystem, pårørande og medarbeidaroppfølging.
- Nok tid til å arbeide med kvalitetsforbetring internt og samarbeide med eksterne aktørar for å høgde kompetansenivået(t.d. SAM-AKS, kvalitetsnettverk, UHT).
- Vidareutvikla bruk av elektronisk verktøy, EPJ, elektroniske meldingar og mobil omsorg.
- Behov for god og rask tilgang på lege, ergo- og fysioterapi.
- Aukande krav til funksjonsvurderingar og gode dokumentasjonsrutinar for oppfølging av vedtak.
- Auke tverrfagleg samarbeid, fokus på rehabilitering i heimen. Aktiv omsorg for å bidra til å auke og å oppretthalde funksjonsnivå hos den einskilde brukar.
- Opplæring og oppdatering i dokumentasjon, og kjenne vedtaket for den brukar som det skal ytast tenester til.
- Dårleg inneklima Lom helseheim.
- Tilgang til trygt uteareal for bebuarar Lom helseheim
- Reinhaldstenester
- Vaktmeistertenester



6 - vedlegg - Notar og revisjonsmelding

Note 1 - prinsipp for rekneskapen

Rekneskapen er utarbeidd i henhold til bestemmelsene i kommuneloven med høyrande forskrifter og god communal rekneskapsskikk.

Rekneskapsprinsipp

All tilgang og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunas verksemd går fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen.

Alle kjente utgifter, utbetalinger, inntekter og innbetalinger i året er teke med i årsrekneskapen, enten dei er betalt eller ikkje. For lån er kun den delen av lånet som faktisk er brukt i løpet av året ført i investeringsrekneskapen. Den delen av lånet som ikkje er brukt, er registrert som memoriapost.

Klassifisering av anleggsmidlar og omløpsmidler

I balanserekneskapen er eigendalar bestemt til varig eige klassifisert som anleggsmidlar.

Andre eigendalar er omløpsmidlar.

Kommunen følgjer KRS nr 4 som er avgrensning mellom driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen. Standarden har særlig betydning for skilje mellom vedlikehald og påkostning i forhold til anleggsmidlar. Utgifter som kjem til for å oppretthalde anleggsmiddelet sit kvalitetsnivå, utgiftsføres i driftsrekneskapen. Utgifter som representerer ein standardheving av anleggsmiddelet utover standarden ved anskaffinga

blir utgiftsført i investeringsrekneskapen og aktivert på anleggsmiddelet i balansen.

Klassifisering av gjeld

Langsiktig gjeld er knytta til aktuelle prosjekt i investeringsrekneskapen, jamfør kommuneloven § 50.

Vurderingsregler

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og verkeleg verdi.

Uteståande fordringer er vurdert til pålydande med frådrag for forventa tap.



Anleggsmidla er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid blir avskrive med like store årlege beløp over levetida til anleggsmiddelet. Avskrivning starter året etter at anleggsmidlet er anskaffet / teke i bruk av verksemda. Avskrivningsperiodane er i tråd med § 8 i forskrift om årsrekneskap og årsberetning.

Sjølvkostberegnung

Innanfor dei rammer der sjølvkost er sett som den rettslige ramma for kva kommunen kan krevja av brukerbetalinger, bereknar kommunen sjølvkost etter retningsliner gjeve av Kommunal- og regionaldepartementet i dokument H-2140, januar 2003.

Mva-plikt og mva-kompensasjon

Kommunen følgjer reglane i mva-loven for dei tenesteområdene som er omfatta av loven. For Kommunen si anna verksemd krev kommunen mva-kompensasjon. Motteke kompensasjon for betalt mva er finansiert av kommunen gjennom redusert statstilskot (rammetilskot) i inntektssystemet.

Pensjon

Kommunene kan velje mellom 1 år og 15 år når det gjeld ammortisering på premieavvik.

Premieavvik er differanse mellom det som faktisk er innbetalt til pensjonskassene og ei berekning av kva kostnadene skulle vore. 1 års ammortisering inneber at kommunen fører premieavviket på 1 år i staden for å fordele dette over 15 år. Premieavviket medfører ikkje kontantstrøm, men er ei teknisk berekning og føringene går alltid i 0 sett over ei toårsperiode.

Avskrivning starter året etter at anleggsmidlet er anskaffet / teke i bruk av verksemda.

Avskrivningsperiodane er i tråd med § 8 i forskrift om årsrekneskap og årsberetning.

Note 2 Endring i arbeidskapital

| Balanseregnskapet : | 31-12-15 | 31-12-14 | Endring |
|--|------------------------|----------------|-----------------|
| 2.1 Omløpsmidler | kr 102 191 900 | kr 121 921 982 | |
| 2.3 Kortsiktig gjeld | kr 38 574 015 | kr 36 807 668 | |
| Arbeidskapital | kr 85 114 314 | kr 85 114 314 | kr (85 114 314) |
| Drifts- og investeringsregnskapet : | | | |
| Anskaffelse av midler : | | | |
| Inntekter driftsregnskap | kr 220 178 466 | | |
| Inntekter investeringsregnskap | kr 4 166 215 | | |
| Innbet.ved eksterne finantransaksjoner | kr 28 903 190 | | |
| Sum anskaffelse av midler | kr 253 247 871 | | |
| Anvendelse av midler : | | | |
| Utgifter driftsregnskap | kr 225 395 344 | | |
| Utgifter investeringsregnskap | kr 21 425 406 | | |
| Utbetalinger ved eksterne finantransaksjoner | kr 14 213 369 | | |
| Sum anvendelse av midler | kr 261 034 119 | | |
| Anskaffelse - anvendelse av midler | | | |
| Endring ubrukte lånemidler (økning +/reduksjon-) | kr (14 378 013) | | |
| Endring arbeidskapital i drifts-og investeringsregnskap | kr (22 164 261) | | |
| Endring arbeidskapital i balansen | | | |
| Differanse (forklaries nedenfor) | | | |
| Forklaring til differanse i arb.kapital : | | | |
| Fordeling av utg.arter 690-fondsm. | kr 4 362 | | |
| | kr - | | |
| | kr - | | |
| | kr 4 362 | | |

Note 3 - Pensjon

Generelt om pensjonsordningane

Kommunen har kollektive pensjonsordningar i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK) som sikrar ytelsesbasert pensjon for dei tilsette.

Pensjonsordninga omfattar alders-, uføre-, ektefelle-, barnepensjon og AFP/tidlegpensjon og sikrar alders- og uførepensjon med samla pensjonsnivå på 66% saman med folketrygden. Pensionane samordnast med utbetaling frå NAV.

Premiefond

Premiefondet er et fond for tilbakeført premie og overskot. Eventuelle midler på premiefondet kan berre nyttast til framtidig premiebetaling. Premiefondet framgår ikkje av kommuneregnskapet, men bruk av fondet reduserer faktisk

betalte pensjonspremier.

Rekneskapsføring av pensjon

Etter § 13 i årsregnskapsforskriften skal driftsrekneskapen belastast med pensjonskostnader som er rekna ut frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønnsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadene rekna ut på ein annan måte enn pensjonspremien som betalast til pensjonsordninga, og det vil derfor normalt vera forskjell mellom disse to størrelsane. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og utrekna pensjonskostnad kallast premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. neste år/med 1/7 per år for premieavvik oppstått i 2014 eller senere, med 1/10 per år for premieavvik oppstått fra 2011 til 2013 og med 1/15 per år for premieavvik oppstått fra 2002 til 2010.

Regnskapsføringen av pensjon innebærer et unntak fra de grunnleggende prinsippene for kommuneregnskapet. For 20X1 innebærer dette at regnskapsførte pensjonsutgifter er kr. xxx lavere (ev. høyere) enn faktisk betalte pensjonspremier.

Reglane fører og til at utrekna pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar er oppført i balansen som høvesvis anleggsmidlar og langsiktig gjeld.

Dersom kommunen har endret amortiseringsperiode i regnskapsåret, skal virkningen av denne endringen opplyses om.

Bestemmelsene innbærer også at beregnede pensjonsmidlar og pensjonsforpliktelser er oppført i balansen som henholdsvis anleggsmidler og langsiktig gjeld.

Regnskapsføringen av pensjon innebærer et unntak fra de grunnleggende prinsippene for kommuneregnskapet. For 20X1 innebærer dette at regnskapsførte pensjonsutgifter er kr. xxx lavere (ev. høyere) enn faktisk betalte pensjonspremier.

Premiefond

| | | |
|--------------------------------------|---------|---|
| Innestående på premiefond 01.01 | 36771 | 0 |
| Tilført premiefondet i løpet av året | 3710824 | 0 |
| Bruk av premiefondet i løpet av året | 3702871 | 0 |
| Innestående på premiefond 31.12. | 44724 | 0 |

Økonomiske føresetnader (§13-5):

| | KLP | SPK | Andre |
|---|--------|--------|-------|
| Forventa avkasting av pensjonsmidler | 7,00 % | 5,85 % | |
| Diskonteringsrente | 6,00 % | 5,50 % | |
| Forventa årleg lønsvekst | 4,23 % | 3,79 % | |
| Forventa årleg G- og pensjonsregulering | 4,23 % | 3,79 % | |

Spesifikasjon av samla pensjonskostnad, premieavvik pensjonsforpliktingar og estimatavvik

| | 2015 | 2014 |
|--|----------------|-------------------|
| Årets pensjonsopptening, nåverdi | 14 289 475 | 14 497 143 |
| Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting | 12 103 183 | 11 637 986 |
| - Forventa avkasting på pensjonsmidlane | -11 235 854 | -10 357 056 |
| Administrasjonskostnader | 1 048 137 | 908 895 |
| Netto pensjonskostnad (inkl. adm.) | 16 204 941 | 16 686 968 |
| Betalt premie i året | 15 617 130 | 22 474 089 |
| Årets premieavvik | 587 811 | -5 787 121 |

Pensjonsmidler, pensjonsforpliktelser, akkumulert premieavvik (F § 13-1, E)

| | 2015 | | 2014 | |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| | Arbeidsgjevaravg. | Arbeidsgjevaravg. | Arbeidsgjevaravg. | Arbeidsgjevaravg. |
| Brutto påløpte pensjonsforpliktingar pr.31.12. | 312 581 622 | 20 005 223 | 300 895 647 | 19 257 321 |
| Pensjonsmidler pr. 31.12. | 257 755 899 | 16 496 377 | 241 457 054 | 15 453 251 |
| Netto pensjonsforpliktelser pr 31.12. | 54 825 723 | 3 508 846 | 59 438 593 | 3 804 070 |
| Årets premieavvik | 5 787 121 | 370 375 | 2 356 851 | 150 838 |
| Sum premieavvik tidlegere år (pr. 01.01.) | 0 | | 0 | |
| Sum amortisert premieavvik dette året | 0 | | 0 | |
| Akkumulert premieavvik pr. 31.12 | 5 787 121 | 370 375 | 2 356 851 | 150 838 |

Spesifikasjon av estimatavvik

| | 2015 | | | | 2014 | | | |
|--|---------------------|----------------------------|---------------------|----------------------------|------|--|--|--|
| | Pensjons- midlar | Pensjons- forpliktingar | Pensjons- midlar | Pensjons- forpliktingar | | | | |
| Estimatavvik 31.12 dette år | -16 298 846 | -11 390 751 | -20 878 166 | -19 534 700 | | | | |
| Virkningen av planendr. etter § 13-3 bokstav C | 0 | 0 | 0 | 0 | | | | |

Note 4 - Kommunen sitt garantiansvar

Kommunen har ikke garantiansvar pr. 31/12-2015

Note 5 - Aksjar og andelar i varig eige

| Namn på selskap | Henvisning i balansen | Eigarandel i selskapet | Balanseført verdi 31.12.2015 | Balanseført verdi 31.12.2014 |
|--------------------------------------|--------------------------|---------------------------|---------------------------------|---------------------------------|
| Gudbrandsdal Lufthamn AS | 22170044 | | kr 127 500 | kr 127 500 |
| Eidefoss AS | 22168001 | | kr 2 400 000 | kr 2 400 000 |
| Midtgard AS | 22170012 | 50,00 % | kr 1 410 000 | kr 1 410 000 |
| Jotunheimen Reiselivslag AS | 22170016 | | kr 11 000 | kr 11 000 |
| Skjolden Næringsbygg AS | 22170046 | | kr 100 000 | kr 100 000 |
| Kommunekraft | 22168005 | | kr 1 000 | kr 1 000 |
| Det Norske Teatret | 22170014 | | kr 1 | kr 1 |
| Gudbrandsdal Industrier AS | 22168002 | 6,90 % | kr 541 000 | kr 541 000 |
| Gudbrandsdalsmusea AS | 22168004 | 12,00 % | kr 36 000 | kr 36 000 |
| KLP - eige kapital innskot | 22141001 | | kr 5 871 113 | kr 5 322 254 |
| Stiftelsen Norsk Kulturarv | 22170010 | 4,00 % | kr 50 000 | kr 50 000 |
| Lom Tamreinlag ANS | 22170011 | 5,62 % | kr 60 000 | kr 60 000 |
| NGR - Renovasjonsselskap | 22168003 | 12,46 % | kr 88 400 | kr 88 400 |
| Kompetanse. Universitets- og forskn. | 22168007 | | kr 26 128 | kr 26 128 |
| Klimapark-2469 | 22168008 | | kr 165 000 | kr 165 000 |
| Sum | | | kr 10 887 142 | kr 10 338 283 |

Note 6 - Avsetting og bruk av fond

| | Beholdning pr. 01.01. | Avsettingar | Bruk av fond i driftsrekneskapen | Bruk av fond i inv.rekneskapen | Beholdning pr. 31.12. |
|---|--------------------------|------------------|-------------------------------------|-----------------------------------|--------------------------|
| Disposisjonsfond | 17 827 920 | | 1 069 182 | 251 507 | 16 507 231 |
| Bundne driftsfond | 42 138 352 | 5 622 521 | 7 656 453 | 1 530 982 | 38 573 438 |
| Ubundne investeringsfond | 3 844 387 | 623 316 | | | 4 467 702 |
| Bundne investeringsfond | 1 861 658 | 1 174 150 | | 1 348 586 | 1 687 222 |
| Samla avsettingar og bruk av avsettingar | 65 672 317 | 7 419 987 | kr 8 725 635 | kr 3 131 075 | 61 235 593 |

Notar og revisjonsmelding

[Attende til innholdslista](#)

| <i>Bruk av og avsettingar til fond i driftsrekneskapen</i> | <i>Beholdning pr. 01.01.</i> | <i>Avsettingar</i> | <i>Bruk av fond</i> | <i>Beholdning pr. 31.12.</i> |
|--|------------------------------|--------------------|---------------------|------------------------------|
| Disposisjonsfond | | | | |
| Rekneskapsskjema 1A | | | | |
| Disposisjonsfond | 17 827 920 | 1 069 182 | 16 758 738 | |
| Opprinnelig budsjett | | 55 000 | 50 000 | |
| Justert budsjett | | 1 391 647 | 1 063 000 | |
| Rekneskapsskjema 1B | | | | |
| Administrasjon | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Skole | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Helse og omsorg | 0 | 0 | 251 507 | 0 |
| Bygg og eiendom | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Teknisk | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum disposisjonsfond regnskapsskjema 1B | 0 | 0 | 251 507 | 0 |

| <i>Bruk av og avsettingar til fond i driftsrekneskapen</i> | <i>Beholdning 01.01.</i> | <i>Avsettingar</i> | <i>Bruk av fond</i> | <i>Beholdning 31.12.</i> |
|--|--------------------------|--------------------|---------------------|--------------------------|
| Bundne driftsfond | | | | |
| Rekneskapsskjema 1A | | | | |
| Bundne driftsfond | 42 138 352 | 5 622 521 | 7 656 453 | 40 104 420 |
| Opprinnelig budsjett | | 5 287 000 | 3 586 300 | |
| Justert budsjett | | 5 287 000 | 7 599 758 | |
| Rekneskapsskjema 1B | | | | |
| Administrasjon | 0 | 1 174 150 | 0 | 0 |
| Skole | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Helse og omsorg | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bygg og eiendom | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Teknisk | 0 | 0 | 1 530 982 | 0 |
| Sum bundne driftsfond Rekneskapsskjema 1B | 0 | 1 174 150 | 1 530 982 | 0 |

| <i>Overføring til investeringsrekneskapen</i> | <i>Beholdning 01.01.</i> | <i>Avsettingar</i> | <i>Bruk av fond</i> | <i>Beholdning 31.12.</i> |
|---|--------------------------|--------------------|---------------------|--------------------------|
| Rekneskapsskjema 1A | | | | |
| Overføring til investeringsrekneskapen | | 0 | 0 | |
| Opprinnelig budsjett | | 0 | 509 000 | |
| Justert budsjett | | 0 | 509 000 | |
| Rekneskapsskjema 1B | | | | |
| Administrasjon | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Skole | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Helse og omsorg | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bygg og eiendom | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Teknisk | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum overf. til inv.rekneskapen rekneskapsskjema 1B | 0 | 0 | 0 | 0 |

| <i>Bundne fond</i> | <i>Beholdning 01.01.</i> | <i>Avsetninger</i> | <i>Bruk av fond</i> | <i>Beholdning 31.12.</i> |
|--------------------------------|--------------------------|--------------------|---------------------|--------------------------|
